

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Høgskulen
på Vestlandet

Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland – Tilstand og utfordringar i 2016

AUD-rapport nr. 03-17



Tittel: Kunstfaga i Hordaland – Tilstand og utfordringar i 2016

AUD-rapport nr.: 03-2017

Forfattar: Catharina Christophersen, professor, Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon, Høgskulen på Vestlandet; Kristin Iversen, seniorrådgjevar og Martin Tvedt, rådgjevar, begge ved Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse, Regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune.

Kontakt: Catharina.Renate.Christophersen@hvl.no , tlf.: 55 58 59 81; Martin.Tvedt@hfk.no, tlf.: 47 25 28 73

Oppdragsgjevar: Samspel Hordaland

Om rapporten: Kunstfaga i Hordaland – Tilstand og utfordringar i 2016 er ein kartlegging av tilstanden for kunstfaga i grunnskulen i Hordaland. Datamaterialet er basert på ei spørjeundersøking ut til faglærarar og rektorar.

Dato: 19.04.2017

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Forord

Denne rapporten er skriven på oppdrag frå Samspel Hordaland, som er ein samarbeidsallianse med mål om å styrke kunstfagopplæring på alle utdanningsnivå i Hordaland.

Med i Samspelalliansen har vore ulike institusjonar og sektorar: Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Kunst og designhøgskolen, Høgskolen Stord/Haugesund, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Norsk kulturskoleråd Hordaland. Samspel Hordaland har vore prosjektorientert. I perioden 2011–2016 har Samspel arrangert nasjonale kunstfagkonferansar så vel som lokale og regionale seminar, og har også bidrege med medieoppslag og kronikkar om kunstfaga i skule og i lærarutdanning.

Samspel ønskte å markera avslutninga på prosjektet med ei kartlegging av tilstanden for kunstfaga i Hordalandskulane og gav forskingsoppdraget til dåverande Høgskolen i Bergen (no Høgskulen på Vestlandet)¹, Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon ved professor Catharina Christophersen. Christophersen har samarbeidd med seniorrådgjevar Kristin Iversen og rådgjevar Martin Tvedt om datainnsamlinga, dataanalyse og skriftleg framstilling av materialet i denne rapporten.

Førsteamanuensis Silje Valde Onsrud (senterleiar for Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon ved Høgskulen på Vestlandet) og seniorforskar Anne D. Homme (Uni Research Rokkansenteret) har bidrege med råd i utforminga av spørjeskjema, gjennomføring av undersøkinga og i utforminga av den skriftlege rapporten.

Utviklingssjef Ronny Skaar, seniorrådgjevar Charlotte Espeland (begge frå kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune) og høgskulelektor Arnhild Liene Stenersen (Høgskulen på Vestlandet) har bidrege med innspel i utforminga av spørjeskjemaet. Høgskulelektor Anne Paulsen (Høgskulen på Vestlandet). Rektor Linda Haukeland og lektor Jonas Langeby (Ådnamarca skule i Bergen) har gjeve innspel til tolking av einskilde resultat i materialet.

Takk for hjelpa!

Bergen, mars 2017

Catharina Cristophersen, Kristin Iversen og Martin Tvedt

¹ Høgskulen på Vestlandet frå 1. januar 2017.

Innhald

Forord	1
Innhald	2
Oversyn over figurar.....	4
Oversyn over tabellar	5
Samandrag	6
1 Innleiing.....	9
2 Kunstfaga i grunnskulen: eit kunnskapsoversyn	10
2.1 Innleiing: Kunstfaga i norsk grunnskule	10
2.2 Kunstfaga: Organisering og disponering.....	10
2.3 Kunstfagleg lærarkompetanse	12
2.4 Etter- og vidareutdanning i kunstfag	14
2.5 Kunstfagspesifikke tilhøve	15
2.5.1 Kunst og handverkfaget.....	15
2.5.2 Musikk.....	16
2.6 Samarbeid mellom kunstfaga og andre aktørar i kunst og kulturlivet.....	17
2.7 Kva veit vi ikkje om kunstfaga i grunnskulen?.....	18
3 Metode	20
3.1 Innleiing	20
3.2 Rekruttering og utval.....	20
3.3 Spørjeskjema.....	20
3.4 Vurdering av datagrunnlaget.....	21
4 Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland.....	23
4.1 Innleiing	23
4.2 Bakgrunnsinformasjon	23
4.2.1 Respondentane fordelt på stilling, skuletype og skulestorleik	23
4.2.2 Lærarane: Undervisning og røynsle	23
4.3 Kompetanse og kompetanseheving.....	25
4.3.1 Formell kompetanse	25
4.3.2 Opplevd fagleg kompetanse og behov for fagleg påfyll	26
4.3.3 Etter- og vidareutdanning	26
4.3.4 Prioriteringar frå skuleeigar.....	27

4.4	Haldningar til kunstfaga	28
4.5	Lokal organisering og prioritering.....	29
4.5.1	Satsingsområde	29
4.5.2	Tidsbruk	29
4.5.3	Undervisningslokale.....	31
4.5.4	Organisering av undervisninga	33
4.5.5	Planlegging	35
4.5.6	Lokale læreplanar og årsplanar	37
4.5.7	Skule-heim-kontakt i kunstfaga	39
4.5.8	Spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfaga.....	40
4.5.9	Musikkfaget – utstyr og innhald	41
4.5.10	Kunst og handverkfaget – utstyr og innhald	44
4.6	Samarbeid med eksterne aktørar	48
4.6.1	Haldningar til kunst- og kulturformidlingsprogrammet og kulturskulen.....	48
4.6.2	Samarbeid med kulturelle opplæringsarenaer.....	49
5	Utfordringar	52
6	Referansar	56
	Vedlegg – Spørjeskjema	58

Oversyn over figurar

Figur 1. Undervisning fordelt på steg. Lærarar. Prosent.	24
Figur 2. Undervisningstimar per veke. Lærarar. Tal og prosent.	24
Figur 3. Formell utdanning i kunstfag. Lærarar. Tal og prosent.	25
Figur 4. Opplevd kompetanse og behov for fagleg påfyll fordelt på fag. Lærarar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.	26
Figur 5. Skuleeigar sine prioriteringar. Rektorar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.	27
Figur 6. Kunstfaga som satsingsområde i skulane. Rektorar. Prosent.	29
Figur 7. Delingstimar i kunstfaga. Lærarar. Tal og prosent.	30
Figur 8. Spesialrom til kunstfagundervisning. Rektorar. Tal og prosent.	31
Figur 9. Tilgang til grupperom og datalab. Lærarar. Prosent.	32
Figur 10. Organisering av musikkundervisning. Musikk lærarar. Tal og prosent.	33
Figur 11. Organisering av kunst og handverksundervisning. Kunst og handverks lærarar. Tal og prosent.	34
Figur 12. Planlegging av kunst og handverksundervisning. Kunst og handverks lærarar. Prosent.	35
Figur 13. Planlegging av musikkundervisning. Musikk lærarar. Prosent.	35
Figur 14. Planlegging av musikkundervisning fordelt på steg. Musikk lærarar. Prosent.	36
Figur 15. Lokale læreplanar i kunstfaga. Rektorar. Prosent.	37
Figur 16. Årsplanar i kunstfaga. Lærarar. Prosent.	38
Figur 17. Skule-heim-kontakt i kunstfaga. Lærarar. Prosent.	39
Figur 18. Utstyr nytta i musikkundervisninga. Musikk lærarar fordelt på steg. Prosent.	41
Figur 19. Aktivitetar og innhald i musikkundervisning. Musikk lærarar fordelt på steg. Gjennomsnitt av skalaverdiar.	42
Figur 20. Utstyr nytta i kunst og handverksundervisning. Kunst og handverks lærarar, fordelt på steg. Prosent.	44
Figur 21. Aktivitetar og innhald i kunst og handverksundervisning. Kunst og handverks lærarar fordelt på steg. Gjennomsnitt av skalaverdiar.	46
Figur 22. Haldningar til Hordaland fylkeskommune sitt kunst og kulturformidlingsprogram i skulen. Alle respondentar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.	48
Figur 23. Haldningar til kulturskulen. Alle respondentar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.	49

Oversyn over tabellar

Tabell 1. Oversyn over ordinær timefordeling for elevar på 1.–10. steg skuleåret 2016–2017	11
Tabell 2. Formell kompetanse for lærarar i kunst og handverk i Hordaland 1999–2015	13
Tabell 3. Formell kompetanse for lærarar i musikk i Hordaland 1999–2015.....	13
Tabell 4. Skuleleiarar om i kva grad skulen deira samarbeider med kulturskulen.	17
Tabell 5. Etter- og vidareutdanning dei siste tre åra. Lærarar. Tal.....	27
Tabell 6. Haldningar til kunstfaga, alle respondentar (A), rektorar (R), musikk lærarar (M), kunst og handverkslærarar (KH). Snittverdiar på ein skala frå 1 til 6 der 6 er heilt einig og 1 er heilt ueinig.	28
Tabell 7. Timetalet i musikk og kunst og handverk. Rektorar. Tal.	30
Tabell 8. Bruken av fleksible timar på skulane. Rektorar. Tal	30
Tabell 9. Lokaler til kunstfagundervisning. Lærarar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.....	32
Tabell 10. Organisering av kunstfagundervisning. Lærarar. Tal.	33
Tabell 11. Planlegging i kunst og handverksundervisning fordelt på steg. Kunst og handverkslærarar. Prosent	36
Tabell 12. Spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfaga. Rektorar. Tal og prosent.....	40
Tabell 13. Utstyr nytta i musikkundervisning. Musikk lærarar fordelt på steg.	42
Tabell 14. Vektlagde aktivitetar og innhald i musikkundervisninga. Musikk lærarar fordelt på steg.	43
Tabell 15. Utstyr nytta i kunst og handverksundervisning. Kunst og handverkslærarar fordelt på steg.	44
Tabell 16. Vektlagde aktivitetar og innhald i kunst og handverksundervisninga. Kunst og handverkslærarar fordelt på steg.	47
Tabell 17. Samarbeid med kulturelle opplæringsarenaer. Lærarar. Tal ja-svar. Respondentane kunne velje fleire svaralternativ	50

Samandrag

Denne rapporten er skriven på oppdrag frå Samspel Hordaland (2011-2016), som er ein samarbeidsallianse med mål om å styrke kunstfagopplæring på alle utdanningsnivå i Hordaland. Mandatet har vore å gjennomføre ei spørjeundersøking retta mot rektorar og lærarar i grunnskulen for å få oversyn over korleis kunstfaga er prioriterte og organiserte i grunnskulen i Hordaland, og kva som kan vere utfordringane med tanke på å gi elevar i Hordaland den kunstfaglege opplæringa dei har rett på. Kunstfagomgrepet kan generelt femne ei rekkje kunstnarlege fagområde, men i denne rapporten viser "kunstfag" til skulefaga musikk og kunst og handverk.

Kunstfagleg lærarkompetanse er frå før relativt godt kartlagt i store nasjonale statistiske undersøkingar som til dømes Utdanningsdirektoratet sine undersøkingar *Spørsmål til Skule-Noreg*² og *Deltakarundersøkingane*³, *Kompetanseprofilundersøkingane* til Statistisk sentralbyrå⁴ og TALIS-undersøkinga⁵. Desse undersøkingane viser jamt over at mange lærarar ikkje har utdanning i kunstfaga, og at det i liten grad vert teke etter- og vidareutdanning i kunstfag. Nokre av desse større undersøkingane kartlegg også omfanget av skulane sitt samarbeid med eksterne aktørar frå kulturlivet. Det finst andre, kunstfagleg relevante statistiske undersøkingar som til dømes *Skulefagsundersøkingane*⁶ og *Skuleleiarundersøkinga*⁷. Frå desse noko mindre omfattande undersøkingane får vi vite noko om innhald i kunstfaga og prioriteringar på skulane. Det manglar likevel ein del utfyllande informasjon om korleis det står til med kunstfaga rundt omkring på skulane, til dømes om lokale kunstfaglege satsingar, ressursbruk på kunstfaga, spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfaga, planarbeid, rammefaktorar, faginnhald osv. Vi inkluderte difor også slike spørsmål i spørjeundersøkinga.

Den elektroniske spørjeundersøkinga vart distribuert på e-post blant grunnskulelærarar og rektorar i Hordaland våren 2016. Utvalet inkluderer 203 respondentar (30 % rektorar, 23 % musikk lærarar, 34 % kunst og handverkslærarar og 14 % andre). Spørjeskjemaet inneheldt ein fellesdel for alle respondentar i tillegg til stillingsspesifikke spørsmål. Utvalet av respondentar er noko skeivt, noko som kan skuldast at utvalet vart gjort ved sjølvselektering. Dette har truleg medført rekruttering av spesielt interesserte og kvalifiserte respondentar.

Kompetansenivået til lærarane i denne undersøkinga ligg høgt samanlikna med tidlegare tal for Hordaland (om lag tre fjerdedelar av lærarane i denne undersøkinga har 60 studiepoeng eller meir i faget). Det er difor grunn til å tru at resultata når det gjeld kompetanse har vorte påverka av det skeive utvalet. Resultata elles når det gjeld kompetanse stadfestar resultata frå andre undersøkingar: Dei lærarane som har høgast kompetanse ser ut til å undervise på ungdomstrinnet, og heller ikkje i Hordaland får lærarar etter- og vidareutdanning i musikk og kunst og handverk.

Haldningsspørsmåla som vart stilte til lærarane og rektorane viser ei svært positiv innstilling til kunstfaga og den verknaden dei kan ha på elevane si læring, danning og mestring. Likevel ser ikkje desse positive haldningane ut til å verte omsett i lokale prioriteringar. Få skular i Hordaland har kunstfag som satsingsområde, og kunstfaga får i liten grad nytte godt av fleksible og omdisponerbare ressursar på skulane.

Dei fleste skulane har spesialrom til kunstfagundervisning. Likevel går ein stor del av undervisninga føre seg i klasserom/base. Dette gjeld særleg musikkfaget. Mange lærarar melder om liten tilgang til grupperom og datalab i kunstfagundervisninga, særleg på småsteget. Kunst og handverkfaget ser ut til å kome litt betre frå det enn musikkfaget, og kunst og handverkslærarane er også meir nøgde enn musikk lærarane med romma dei har til disposisjon.

Når det gjelder organisering og planlegging av undervisninga, ser vi at undervisning i faga kvar veke er det vanlegaste på skulane. Det ser ut til at svært få av kunstfaglærarane i Hordaland underviser i bolk. Tverrfagleg undervisning hender sporadisk, og er like vanleg eller vanlegare på mellom- og ungdomssteget enn på småsteget. At tverrfagleg undervisning i denne undersøkinga ser ut til å vere vanlegere på mellomsteget kan skuldast

² Sjå til dømes Gjerustad & Waagene 2015; Vibe & Hovdhaugen 2012.

³ Sjå til dømes Gjerustad & Salvanes 2015; Gjerustad & Lødding 2014.

⁴ Lagerstrøm, Moafi & Revold 2014, Lagerstrøm 2007; Lagerstrøm 2000.

⁵ Caspersen, Aamodt, Vibe og Carlsten 2014.

⁶ Espeland et al 2013; Vavik et al 2010.

⁷ Gran 2008.

at tverrfaglege prosjekt er vanlege lenger opp i stega enn på småsteget. Det kan også skuldast ei underrapportering av tverrfagleg organisering på småsteget. Det ser for ein stor grad ut til å være einskilde lærarar som står for planlegginga i begge fag, og i noko større grad i kunst og handverk enn i musikk. I den grad team vert nytta i planleggingsarbeidet, er klasseteamet involvert på småsteget, men klasseteamet vert gradvis avløyst av fagteam utover i skuleløpet. Ganske mange skular manglar lokale læreplanar i kunstfag. Mange skular har årsplanar i faga.

Skulane sin kontakt med heimen om kunstfaga ser ut til å variere. Elevane si kunstfaglege utvikling vert i nokon grad teke opp med føresette på utviklingssamtalar, og oftare i kunst og handverk enn i musikk. Ganske mange svarer nei på spørsmål om kunstfaga har målformuleringar i vekeplanane, og lekser i faga ser ikkje ut til å vere vanleg. Kontakten med heimen om det kunstfaglege ser slik ut til å vere sporadisk, og kanskje også tilfeldig. Det er også varierende tilhøve med tanke på spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfaga: Dei fleste skulane har ikkje spesialpedagogiske tiltak retta mot kunstfagleg utvikling hos einskilde elevar, men seier at dei gir tilpassa opplæring i kunstfaga. Kunstfaga er i nokon grad del av individuelle opplæringsplanar til elevar og i nokon grad del av alternativ opplæringsarena på skulane.

Vi har også sett på bruken av utstyr og kva innhald som vert vektlagt i faga. Ikkje overraskande ser song, arbeid med puls og rytme og framføringar ut til å vere sentrale aktivitetar i musikkfaget, og utstyr som stør slik aktivitet er mykje nytta. Bruken av elektriske instrument er aukande oppover på stega. Musikk lærarane ser ut til å legge størst vekt på utøvande aktivitetar og komponeringsaktivitetar, medan lytte- og refleksjonsdelen av faget er noko svakare.

I kunst og handverkfaget er det teikning, maling, tekstil og sløyd (med tilhøyrande utstyr) som utgjer stamma i faget gjennom heile skuleløpet. Det ser ut til å vere større vekt på "mjuke aktivitetar" (toving og filting) og produksjon av dekorative og sesongbaserte arbeid på småsteget enn lengre oppe på stega, medan elektriske handverktøy er vanlegare på ungdomssteget enn lenger nede på stega. Skisser og idéutvikling kjem inn som ein viktig aktivitet på ungdomssteget. På same måte som musikkfaget legg vekt på det performative og mindre på det refleksive, ser kunst og handverkfaget ut til å legge størst vekt på det produksjonsetetiske: Materialane og produksjonen står i sentrum, medan det vert lagt mindre vekt på refleksive og teoretiske sider ved faget.

Når det gjeld samarbeidet med eksterne aktørar, slik som med kunst og kulturformidlingsprogrammet til fylkeskommunen og med kulturskulane, er respondentane positivt innstilt. Respondentane meiner at kunst og kulturformidlingsprogrammet gir elevane gode opplevingar, og meiner at det skal bidra til å realisere skulen sine læringsmål. Kulturskulen vert i det store og det heile sett som ein viktig samarbeidspartnar for skulen og ein bidragsytar til auka læring i kunstfaga. Når det gjeld faktisk interaksjon med eksterne kulturelle arenaer rapporterer rektorane om færre gjennomførte tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane (Kulturtanken) enn venta. Lærarane oppgjev å ha samarbeidd med ulike aktørar: Samarbeid med Den kulturelle skulesekken er vanlegast blant musikk lærarane, mwsN kunst og handverks lærarane samarbeider mest med museum. Samarbeid med kulturskule, korps og kunstnar sitt atelier/verkstad er også ofte nemnt.

I følgje mandatet skal undersøkinga også peike på kva som kan vere utfordringane med tanke på å gi elevar i Hordaland den kunstfaglege opplæringa dei har rett på. Elevar i grunnskule har ikkje rett på særleg mykje når det gjeld kunstfag. Vi går ut frå at elevane får det minstetimetallet i kunstfaga dei har krav på etter retningslinene frå Utdanningsdirektoratet. Når det gjeld tilpassa opplæring, som er ein rett etter loven, ser det ut til å vere ulike tolkingar av omgrepet "tilpassa opplæring" i skulane, og dermed er det vanskeleg å slutte noko frå dette. Det elevane ikkje har uttrykkeleg rett på, så som kvalifiserte og oppdaterte lærarar, lokale læreplanar, spesialrom, delingstimar og så vidare, er det ikkje sikkert at dei får. Samanlikna med andre, såkalla "sentrale skulefag", ser ambisjonsnivået i kunstfaga ut til å vere lågt.

For å seie noko om utfordringar i kunstfagopplæringa utover kva som er minimum, bør perspektivet utvidast. Spørsmålet vert då heller kva som er utfordringane med tanke på å gi elevane ei opplæring i kunstfaga som er likeverdig med opplæringa dei får i andre fag. Her er det fleire ting som peikar seg ut:

1. Mange skular ser ut til å mangle lokale læreplanar og/eller årsplanar i kunstfaga. Dette kan få konsekvensar for systematisk planlegging og progresjon i faga, ettersom ansvaret for innhald og aktivitetar i faga ofte då vert opp til den einskilde læraren.

2. Mange elevar i Hordaland får undervisning i musikk og kunst og handverk av lærarar med låg eller ingen kompetanse i faga, og lærarane får systematisk ikkje tilført kompetanse eller oppdatering i form av etter- og vidareutdanning.
3. Fleksible ressursar kjem i liten grad kunstfaga til gode, til dømes i form av ekstra tid of elingstimar. Ein god del av undervisninga skjer også utanfor spesialromma. Musikkfaget ser ut til å ha dårlegare vilkår enn kunst og handverkfaget når det gjeld rammefaktorane undervisningsrom og ressursbruk.

Kunstfaga har fått auka utdanningspolitisk merksemd dei siste par åra. Nylege offentlege utgreiingar og meldingar har slått fast at kunstfaga har ein viktig plass i skulen og i samfunnet, og skal få større merksemd i skulen i framtida enn dei får i dag (NOU 2014:7; NOU 2015:8, Meld.St. 28 2015–2016). Til trass for dette, og til trass for positive haldningar til kunstfaga frå respondentane, framstår faga i denne undersøkinga som minimumsfag. Kunstfagundervisninga i Hordaland har dermed ein del å gå på både når det gjeld planarbeid, lærarkompetanse og rammevilkår for faga

1 Innleiing

I denne rapporten gjer vi greie for ei spørjeundersøking gjort på oppdrag frå Samspel Hordaland. Mandatet var å gjennomføre ei spørjeundersøking retta mot rektorar og lærarar for å få oversyn over korleis kunstfaga i grunnskulen i Hordaland er prioriterte og organiserte, og kva som kan vere utfordringane med tanke på å gi elevar i Hordaland den kunstfaglege opplæringa dei har rett på. I tillegg til å gjennomføre undersøkinga, skulle funna analyserast kvantitativt og kvalitativt og setjast i samband med anna kartlegging og forskning på feltet slik at rapporten kan danne basis for eit grunnlagsdokument til politisk arbeid for styrking av kunstfaga i heile utdanningsløpet.

Det har skjedd mykje i norsk grunnskule dei siste femten åra. Etter at PISA-målingane tok til i 2001 har kvaliteten i norsk skule vore mykje diskutert. Søkalla ”sentrale skulefag”, det vil seie mellom anna norsk og matematikk, har fått stor politisk merksemd dei siste ti åra, medan fag som musikk og kunst og handverk sjeldan har vore synlege. Den sterke vekt på målbare basisdugleikar har ført med seg aukande bruk av testar og måling, og det har vore hevda både i faglitteratur og i politiske dokument at den kunstfaglege opplæringa i skule og lærarutdanning har vore under press (Espeland, Allern, Carlsen, & Kalsnes, 2011; Espeland M. , et al., 2013; NOU , 2013:4; Ekspertgruppa for kunst og kultur i opplæringen, 2014; Christophersen & Ferm-Thorgersen, 2015). Imidlertid har kunstfaga har fått auka utdanningspolitisk merksemd dei siste par åra. Nylege offentlege utgreiingar og meldingar har slått fast at kunstfaga har ein viktig plass i skulen og i samfunnet, og skal få større merksemd i skulen i framtida enn dei har i dag (NOU 2014:7; NOU 2015:8, Meld.St. 28 2015–2016). På bakgrunn av desse politiske signala er det grunn til å tru at det kjem endringar i kunstfaga, og vi kjem tilbake til dette i kapittel 5. Hovuddelen av denne rapporten skal likevel handle om notida og korleis det står til med kunstfaga i grunnskulen i Hordaland i 2016.

I det neste kapitlet, kapittel 2, *Kunstfaga i grunnskulen: Eit kunnskapsoversyn*, presenterer vi eit oversyn over relevant forskning. Her gjer vi greie for det som er kjent om kunstfaga i grunnskulen frå ulike kvantitative og kvalitative undersøkingar.

Kapittel 3, *Metode*, handlar om rekruttering, utval og gjennomføring av spørjeundersøkinga.

I kapittel 4, *Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland*, presenterer vi resultata frå spørjeundersøkinga. Dette er hovudkapitlet i rapporten. Kapitlet startar med informasjon om utvalet, følgt av informasjon om formell og opplevd kompetanse blant kunstfaglærarar i Hordaland, så vel som lærarar og rektorar sine haldningar til kunstfaga i skulane. Hovudavsnittet i dette kapitlet tek for seg lokal organisering og prioritering av kunstfaga i Hordalandskulane, under dette satsingsområde, bruk av fleksible tidsressursar, undervisningslokale, organisering og planlegging av kunstfagundervisning, kunstfagleg planarbeid på skulane, skule-heim-kontakt i kunstfaga og tilpassa opplæring og spesialundervisning i kunstfag. I dette kapitlet presenterer vi også detaljert informasjon om utstyr og innhald i musikk- og kunst og handverkfaget i Hordaland. Kapitlet vert avslutta med eit avsnitt om samarbeid med kulturskular og kunst- og kulturformidlingsprogrammet i fylkeskommunen.

I Kapittel 5, *Utfordringar*, skal vi drøfte utfordringar knytt til kunstfagopplæringa for elevar i Hordaland.

2 Kunstfaga i grunnskulen: eit kunnskapsoversyn

2.1 Innleiing: Kunstfaga i norsk grunnskule

I litteraturen vert det nytta ulike nemningar på same fenomenet: "Praktiske og estetiske fag", "praktisk-estetiske fag", "kreative fag" eller "kunstfag". I denne rapporten har vi valt å nytte omgrepet "kunstfag" i tråd med oppdraget frå Samspel Hordaland. Dette omgrepet kan nyttast i både brei og smal tyding. I brei tyding er "kunstfag" ei nemning for ulike kunstnarlege fagområde, så som musikk, visuell kunst, dans, drama, fotografi, film og litteratur. Også arkitektur og design kan kome inn under ei slik nemning. I norsk skule er det to eigne kunstfag som står på timeplanen: Musikk og kunst og handverk. Kunstfag i smal tyding viser i denne rapporten til desse to skulefaga. I spørjeundersøkinga og i denne rapporten nyttar vi med få unntak omgrepet "kunstfag" mest i denne smale skulefaglege tydinga. I dei tilfella vi snakkar om kunstfag i brei forstand, vil vi presisere dette.

Føremålet med kapitlet er å gi eit oversyn over kva som er kjent om kunstfaga i norsk grunnskule for å gi ein bakgrunn for utforminga av spørjeskjemaet som vart sendt ut. Informasjonen er henta offentlege dokument, læreplanar, utgreiingar, kvantitative kartleggingar, kvalitative studiar og også frå noko kunstfagleg grunnlagslitteratur.

2.2 Kunstfaga: Organisering og disponering

Fagstrukturen i norsk grunnskule har vore den same i mange år (NOU, 2014:7). Elevane har 11 fag på barneskulen, 13 fag på ungdomsskulen, og dei har undervisning i musikk og kunst og handverk gjennom heile grunnskuleløpet med kompetansekrav på 2., 4., 7. og 10. klassesteg

Frå tusenårsskiftet har timetalet i grunnskulen auka med ca. 700 klokketimar til 7894 timar fram til hausten 2016. Ifølgje det regjeringsoppnemnte *Ludvigsenutvalet* har mesteparten av denne auken kome på barneskulen og innafor faga norsk og matematikk (NOU, 2014:7, s. 24). Auken ser særlig ut til å ha kome innafor faga norsk (16 %), matematikk (15,5 %), engelsk (omlag 12,5 %) og kroppsøving (17,9 %). Kunst og handverkfaget har omtrent same omfang som før, medan mat og helse og musikk har vorte noko redusert (Espeland, Allern, Carlsen, & Kalsnes, 2011, s. 39). Frå og med hausten 2016 har også naturfag fått auka timetalet (Udir, 2016). Sjølv om timetalet i kunstfaga er nokså likt no som tidlegare, har andre fag fått fleire timar. Den totale auken i timetal i grunnskulen har altså ikkje kome kunstfaga til gode, og kunstfaga tar opp relativt sett opp mindre plass i skulen enn før. Delen av kunstfagundervisning i skulen har gått ned frå ca. 20 % i M74 til ca. 12,5 % i dag (for tal, sjå tabell 1 under).

På Utdanningsdirektoratet sine nettsider finn vi oversyn over timetalsfordelinga i grunnskulen i skuleåret 2016/2017, sjå tabell 1:

Tabell 1. Oversyn over ordinær timefordeling for elevar på 1.–10. steg skuleåret 2016–2017⁸

FAG/STEG	1.–4.	5.–7.	SUM 1.–7.	8.–10.	SUM 1.–10.
KRLE			427	153	580
Norsk	931	441	1372	398	1770
Matematikk	560	328	888	313	1201
Naturfag	187	179	366	249	615
Engelsk	138	228	366	222	588
Framandspråk/ for- djuping			0	222	222
Samfunnsfag			385	249	634
Kunst og handverk			477	146	623
Musikk			285	83	368
Mat og helse			114	83	197
Kroppsøving			478	223	701
Valfag			0	171	171
Utdanningsval			0	110	110
Fleksibel time			38	0	38
Fysisk aktivitet	0	76	76	0	76
Samla minstetimetall			5272	2622	7894

Som det går fram av tabell 1 har musikkfaget nest lågast timetal av alle fag i skulen, berre mat og helse har færre timar. Kunst og handverkfaget har høgare timetal, og ligg til dømes høgare enn både engelsk og naturfag, og har berre litt lågare timetal enn samfunnsfag.

Etter innføringa av Reform 94 og L97 har det vore hevda at ungdomsskule og vidaregåande skule vart for teoretisk orienterte. Denne kritikken har fortsett også etter innføringa av Kunnskapsløftet i 2006, og ei rekke tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande har vorte gjennomførte, særlig etter 2010. Hausten 2012 vart det innført ei rekkje valfag i ungdomsskulen. To av dei mest populære faga, *Frå sal til scene* og *Design og redesign*, er tverrfaglege. Likevel har dei tydeleg lenke til skulefaga musikk og kunst og handverk, og kan også – avhengig av lokal utforming – verte knytt til andre kunstfag som til dømes drama og dans. Det ser ut til at alle fag unnateke norsk, matematikk (og naturfag frå 2016) har vorte noko reduserte i samband med innføringa av valfag. I følgje årvisse timetalsoversikter frå Utdanningsdirektoratet (www.udir.no) har musikkfaget vorte redusert frå 370 timar i 2010 til 368 timar i 2012, medan kunst og handverk har vorte redusert frå 627 til 623 timar.

Det er verd å merke seg at timetalet er minimumstal som må oppretthaldast, men kvar skule kan tilby fleire timar enn det som er spesifisert. Skuleeigar kan omdisponere inntil 5 % av timane for 1.–10.tinn og inntil 25 % av timane i eitt fag for einskilde elevar (Udir, 2016). I tillegg viser timetalsoversikta ein fleksibel pott på 38timar som kan disponerast etter lokale behov. Vi har ikkje funne at forskingslitteraturen seier noko om korleis slike disponeringar vert gjort og kva fagområde eller andre område som får nytte godt av desse fleksible timane.

Grunnopplæringa er heimla i *Opplæringslova*⁹ og utforma, styrt og regulert av ei rekkje offentlege instansar og politiske dokument. Kunnskapsdepartementet har det øvste politiske ansvaret for grunnskulen, men delegerer ein del av ansvaret for gjennomføring og oppfølging av vedtak til Utdanningsdirektoratet (NOU, 2014:7, s. 22) og til kommunane. Over 96 % av grunnskulane i Noreg er offentlege (SSB, 2016), og dermed eigd av kommunane.

Mål for og innhald i opplæringa er utarbeidd på grunnlag av politiske føringar og er spesifisert i den til ei kvar tid gjeldande læreplanen: I skrivande stund gjeld *Kunnskapsløftet* (Udir, 2006), men det skal innførast nye læreplanar frå 2019 (Kunnskapsdepartementet, 2016). Nasjonale læreplanar vert konkretiserte og operasjonaliserte lokalt i såkalla lokalt læreplanarbeid, der kvar skule tolkar læreplanen og bryt han ned til konkrete mål og planar

⁸ Kjelde: Rundskriv U-dir 1, 2016: *Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet*.

⁹ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

tilpassa sin skule. Det ser likevel ut til å vere stor variasjon (Lagerstrøm, 2007) mellom skulane. Ifølgje *Skulefagsundersøkinga 2011*, ei nasjonal undersøking av praktiske og estetiske fag på barnesteget¹⁰ (Espeland M. , et al., 2013) manglar musikkfaget i stor grad lokale læreplanar på barnesteget (ss. 141-142), medan 30 % av lærarane i kunst og handverk på barnesteget seier at det ikkje finst lokale læreplanar i faget på deira skule (s. 74).

Kvalitative undersøkingar stør biletet av variasjon i læreplanarbeidet. I ei undersøking av rammefaktorar i såkalla "praktiske-estetiske fag" (Holthe, Hallås, Styve, & Vindenes, 2013) går det fram at skuleeigar sine faglege satsingsområde kan ha innverknad på kva for lokale læreplanar som vert utvikla ved ein skule. Ei masteroppgåve i musikkpedagogikk (Bilkås, 2013) viser at lokalt læreplanarbeid går føre seg på ulike måtar: Til dømes kan læreplanarbeidet verte initiert av skuleeigar eller av skulane sjølve, lokale læreplanar kan utarbeidast i team eller av einskilde lærarar, og lokale læreplanar kan også på ulikt vis verte implementert i undervisninga og ha innverknad på foreldre-heim-samarbeid i faget. Dette kan ifølgje forfattaren ha samanheng med mangelen på retningsliner for lokalt læreplanarbeid. Alle fag i grunnskulen, unnateke RLE¹¹, musikk og kunst og handverk, har utarbeidd nasjonale retningsliner for lokalt læreplanarbeid. Når slike retningsliner manglar, må grunnlaget for lokalt læreplanarbeid i kunstfaga i stor grad skje på grunnlag av pedagogisk grunnsyn og lokal lærarkompetanse (Bilkås, 2013). Ei masteroppgåve i kunst og designdidaktikk om lokale læreplanar i faget (Garberg, 2014) stør dette. Funna i denne masteroppgåva syner at kunst og handverkfaget ser til dels ulikt ut frå skule til skule. Dette har ifølgje forfattaren samanheng med at LK06 (Kunnskapsløftet) er ein rammeplan, der ein stor del av ansvaret for tolkinga vert lagt over på den einskilde skule og den einskilde lærar, noko som gir store variasjonar i tolkinggrunnlag i faget. Kvalitative undersøkingar viser også at det kan vere ulikt om kunstfaga er tema for samtalar i foreldre-heim-samarbeidet (Bilkås, 2013; Holthe, Hallås, Styve, & Vindenes, 2013).

Oppsummert kan vi seie at kunstfaga (særleg musikkfaget) har få timar i grunnskulen, og at auken av undervisningstid i skulen dei siste tiåra ikkje har kome kunstfaga til gode. Forskinga viser at det er stor variasjon i læreplanarbeidet, og lokale læreplanar ser i liten grad ut til å vere i bruk på barnesteget, altså i 1.–7. klasse.

2.3 Kunstfagleg lærarkompetanse

Kompetansenivået til norske lærarar er nokså godt kartlagt gjennom fleire store statistiske undersøkingar, og frå desse veit vi difor ein del om kompetansenivået i musikk og kunst og handverk.

TALIS-undersøkinga er ei internasjonal undersøking av lærarar sitt utdanningsnivå i OECD-land. Den norske delen av undersøkinga (Caspersen, Aamodt, Vibe, & Carlsten, 2014) viser mellom anna lærarane sin fagbakgrunn og deira høgaste fullførte utdanningsnivå på faggruppenivå. For kunstfaga sin del viser TALIS at relativt få lærarar i Noreg har master/hovudfag i kunstfag (8 % på barnesteget, 9 % på ungdomssteget). Så mykje som 61 % har allmennlærarutdanning (eventuelt med fordjuping) som høgaste utdanningsnivå på barnesteget, tilsvarende tal for ungdomssteget er 29 % (s. 49). Med andre ord ser det ut til at allmennlæraren rår i grunnskulen. Dette er i samsvar med *Skulefagsundersøkinga* frå 2011 om praktiske og estetiske fag på barnesteget (Espeland M. , et al., 2013), som også viser at allmennlæraren, det vil seie klasselæraren, er den som underviser mest i kunstfaga på barnesteget. TALIS-undersøkinga viser også at 20 % av kunstfaglærarane på barnesteget og 32 % på ungdomssteget underviser utan kompetanse i faget dei underviser i (s. 51). På dette punktet om kompetansenivå skil TALIS seg noko frå dei norske kompetanseundersøkingane, som viser at kompetansen blant lærarar i musikk og kunst og handverk er høgare i ungdomsskulen enn på barneskulen.

Dei tre norske kompetansekartleggingane frå Statistisk sentralbyrå (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014; Lagerstrøm, 2007; Lagerstrøm, 2000) spenner over eit tidsrom på 15 år. Variablane i undersøkingane og framstillingsmåtane er noko ulike for desse rapportane, og dei kan difor ikkje brukast til å seie noko om kompetanseutviklinga i musikk og kunst og handverk i Noreg over tid og akkurat i denne perioden. Tala frå dei to siste

¹⁰ 1.–7. Steg.

¹¹ RLE står for "Religion, livssyn og etikk" som er det gamle namnet på faget. Faget heiter no KRLE, der K står for "Kristendom".

rapportane viser at i kunst og handverk har omtrent 55 % av lærarane fordjuping i faget (55 % i 2005, 56 % i 2014), medan rundt 60 % av lærarane som underviser i musikk har fordjuping i faget (58 % i 2005, 62 % i 2014) (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014; Lagerstrøm, 2007). Sagt på ein annan måte: Rundt fire av ti lærarar i kunstfaga underviser utan formell kompetanse i faga.

Dei tre norske kompetansekartleggingane viser at lærarane i ungdomsskulen har høgare formell kompetanse i faget (forstått som fleire vektal/studiepoeng i faget) enn lærarane i barneskulen. Akkurat korleis kompetansen fordeler seg lar seg ikkje samanlikne på tvers av rapportane. Tala frå 2014 viser til dømes at 46 % av kunst og handverkslærarane på ungdomssteget hadde 60 studiepoeng (tilsvarande eitt års utdanning) eller meir i faget. På mellomsteget hadde ca. 20 % denne kompetansen, mot litt over 10 % på barnesteget (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014, s. 30). For musikkfaget i 2014 var det totalt 26 % av lærarane (på alle steg) som hadde 60 studiepoeng eller meir i faget (s. 42).

Det som let seg samanlikne over tid på tvers av desse kartleggingane, er høgaste og lågaste lærarkompetanse i kunstfaga i Hordaland fylke. For lærarane i kunst og handverk i Hordaland ser kompetanseprofilen slik ut i tidsrommet 1999-2014, sjå tabell 2.¹²

Tabell 2. Formell kompetanse for lærarar i kunst og handverk i Hordaland 1999–2015¹³

Kunst og handverk	0 vektal/ studiepoeng ¹⁴	1–9vt/ 1–29 stp	10–19vt/ 30–59 stp	20vt/60stp el. meir	N=
1999	38 %	23 %	17 %	23 %	130
2005	40 %	17 %	19 %	23 %	139
2014	43 %	16 %	17 %	24 %	129

I kunst og handverkfaget ser det ut til å vere ei polarisering i kompetansen, der både delen av lågast og høgast kvalifiserte stig noko. For kompetansen i musikkfaget i Hordaland same periode¹⁵ var det ein sterk vekst i talet på dei høgast kvalifiserte lærarane mellom 1999 og 2005, etter dette er det små endringar i tala på høgaste og lågaste kvalifiserte i musikkfaget, sjå tabell 3:

Tabell 3. Formell kompetanse for lærarar i musikk i Hordaland 1999–2015¹⁶

Musikk	0 vektal/ studiepoeng	1–9vt/ 1–29 stp	10–19vt/ 30–59 stp	20vt/60stp eller meir	N=
1999	37 %	23 %	20 %	19 %	80
2005	35 %	27 %	7 %	33 %	91
2014	34 %	17 %	17 %	33 %	91

Med dette som bakgrunn kan vi sjå at det er ein større del lærarar i Hordaland med formell bakgrunn i kunst og handverk og musikk enn i landet elles: Nærare 43 av kunst og handverkslærarane i Hordaland har ikkje utdanning i faget mot omlag 45 % nasjonalt. For kunst og handverkfaget er det altså små skilnader mellom Hordaland og landet elles. For musikkfaget er skilnadene større: vel 34 % av musikkfaglærarane i Hordaland har ikkje formell utdanning i faget, mot omlag 40 % nasjonalt.

Skulefagsundersøkingane (Espeland M., et al., 2013; Vavik, et al., 2010) har også målt utdanningsnivå på lærarar i kunstfaga musikk og kunst og handverk, men vi har valt å sjå bort frå dei konkrete tala i desse undersøkingane ettersom utvalet er mindre enn i dei store kompetansemålingane frå Statistisk Sentralbyrå. Det er likevel interessante funn knytt til kompetanse i *Skulefagsundersøkingane*: Undersøkinga for ungdomssteget

¹² Lagerstrøm, Moafi, & Revold 2014, s. 74, Lagerstrøm 2007, s. 57. Lagerstrøm 2000, s. 103.

¹³ Desimalar er runda av til næraste halve prosentpoeng.

¹⁴ Tidlegare nytta ein omgrepet "vektal", men etter kvalitetsreforma i høgare utdanning i 2003 gjekk ein over til å nytta omgrepet "studiepoeng". Eitt års studium på heiltid tilsvarende 20 vektal/60 studiepoeng, eit halvtårs studium på heiltid er 10 vt/30sp osv.

¹⁵ Lagerstrøm, Moafi, & Revold 2014, s. 77, Lagerstrøm 2007, s. 59, Lagerstrøm 2000, s. 107.

¹⁶ Desimalar er runda av til nærmaste heile og halve prosentpoeng.

(Vavik, et al., 2010) viser at effekten av utdanning på sjølvopplevd kompetanse er høg i kunst og handverk (s. 20), medan undersøkinga på barnesteget viser samanheng mellom læraren sin opplevde kompetanse og grad av elevaktivitet i faget (Espeland M. , et al., 2013, s. 90). Dette kan til dømes vise seg i at lærarane som kjenner seg kompetente i visse materialar og teknikkar vil sleppe elevane meir til i praktisk arbeid med desse materialane og teknikkane. Om ein ser desse to funna i samanheng, kan det tenkjast at formell utdanning kan verke inn på val av innhaldet og grad av elevaktivitet i kunst og handverkfaget. Same tendensen kan ein sjå for musikkfaget: Musikkklærarar med lita eller inga fordjuping i musikkfaget vel ofte songaktivitetar, medan formell fordjuping i faget over 30 studiepoeng ser ut til å auke sjansen for at musikkklæraren vel samspels- og komponeringsaktivitetar i faget (Espeland M. , et al., 2013, s. 134). Same undersøkinga viser samanheng mellom formelt utdanningsnivå i musikk og opplevinga av å meistre faget praktisk.

Oppsummert kan vi seie at omlag fire av ti kunstfaglærarar i Noreg (40 % av musikkklærarane og 45 % av kunst og handverkslærarane) ikkje har formell utdanning i det faget dei underviser i. Hordalandslærarane ser ut til å ha noko betre kompetanse enn lærarane nasjonalt, særleg gjeld dette musikkklærarane. Forskinga viser generelt at lærarar som underviser på ungdomssteget har høgast kompetanse. Det er likevel berre ca. 24 % av kunst og handverkslærarane og 33 % av musikkklærarane i Hordaland som har 60 studiepoeng eller meir formell utdanning i faget. Forskinga viser også at formell utdanning kan ha samanheng både med elevaktivitet i faga, og med lærarane si opplevde faglege meistring.

2.4 Etter- og vidareutdanning i kunstfag

Det finst fleire kartleggingar av etter- og vidareutdanning¹⁷ i skulen.

Skuleleiarundersøkinga (Gran, 2008) som vart gjort på oppdrag frå Nasjonalt senter frå kunst og kultur i Bodø viser at nokså mange av skuleleiarane prioriterer norsk, matematikk, og framandspråk på sin skule. Nær halvparten av skuleleiarane (N=600) ser på etter- og vidareutdanning som viktig for å auke det formelle kompetansenivået i kunstfaga. Seks av ti skuleeigarar rapporterer at tilsette hadde fått tilbod om etter- og vidareutdanning i nokre av kunstfaga. Av dei skulane som ikkje har hatt tilbod om etter- og vidareutdanning i kunstfaga, svarer over halvparten av skuleleiarane at årsaken til dette er at kunstfaga ikkje er prioritert frå skule og skuleeigar.

I undersøkinga *Spørsmål til Skole-Norge våren 2010* (Vibe & Sandberg, 2010) fekk grunnskular og skuleeigarar spørsmål om kva fag eller fagområde dei prioriterte til etter- og vidareutdanning. Lese- og skriveopplæring, matematikk, norsk, engelsk, digital kompetanse og elevvurdering var klare prioritatar hos både skular og skuleeigarar. Ingen av skulane (N=520) prioriterte kunstfaga høgast, nokre få hadde musikk og kunst og handverk som 2. eller 3. prioritet. Med tanke på framtida vurderte skulane behovet for etter- og vidareutdanning i desse faga noko høgare, men framleis nokså lågt. Skuleeigarane (N=104) prioriterte ikkje kunstfaga i 2010, og kunstfaga stod heller ikkje på prioriteringslista framover (1 % vil prioritere musikk, 0,7 % vil prioritere kunst og handverk framover).

Norske skuleeigarar melder om svært få lærarar som tar etter- og vidareutdanning i musikk og kunst og handverk. Av totalt 1723 lærarar som tok studiepoenggjevande vidareutdanning i 2012, var 1 % i musikk og 2 % i kunst og handverk (Rambøll, 2013). Hordaland nytta nærare 43 millionar kroner til etter- og vidareutdanning i 2012 (Rambøll 2013, s. 11). Skuleeigarane melder at desse midla i stor grad vart nytta på etter- og vidareutdanning i klasseleiing, leseopplæring og vurdering. Desse fagområda svarer til nasjonale satsingsområde (som til dømes grunnleggande ferdigheiter, klasseleiing, vurdering for læring, organisasjonslæring og vurdering for læring)¹⁸. Kunstfaga er ikkje synlege i tala om etter- og vidareutdanning frå skuleeigarane, men finst truleg inni sekkenemningane "fagspesifikke kurs" eller "anna".

¹⁷ Vidareutdanning er studiar som gjev formell kompetanse i form av studiepoeng. Etterutdanning er kortare kurs som tek sikte på fornying av grunnutdanning. Sistnemnde gjev ikkje formell kompetanse.

¹⁸ Sjå til dømes dei pågåande nasjonale satsingane "Ungdomssteget i utvikling" (<http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/ungdomssteget-i-utvikling/>) og "Vurdering for læring" (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/nasjonal-satsing/om-satsingen/>).

Deltakarundersøkingane tar for seg deltakarar sine perspektiv etterutdanningsstrategien ”Kompetanse for kvalitet”. Undersøkingane dei siste tre åra (Gjerustad & Salvanes, 2015; Gjerustad & Waagene, 2015; Gjerustad & Lødding, 2014) viser at det er utdanning i såkalla ”sentrale” fag/ferdigheter som lesing, norsk, matematikk og engelsk som har flest deltakarar. Musikk og kunst og handverk har svært få deltakarar alle desse tre siste åra. I 2015 er deltakartala for begge faga under ein halv prosent (berre 3 av totalt 2133 deltakarar tok musikk, medan 7 av 2133 deltakarar tok kunst og handverk) (Gjerustad & Salvanes, 2015, s. 25).

Oppsummert kan vi seie at etter- og vidareutdanningstiltak i stor grad ser ut til å kome fag og ferdigheter knytt til politiske satsingsområde til gode, så som norsk, matematikk, klasseleiing, og vurdering. Skuleeigarar og skulane ser ut til å prioritere bort kunstfaga i etter- og vidareutdanning. Ikkje uventa ser vi også at lærarar systematisk ikkje tar etter- og vidareutdanning i musikk og kunst og handverk.

2.5 Kunstfagspesifikke tilhøve

Elevundersøkingar¹⁹ viser at musikk og kunst og handverk er nokre av dei mest populære faga blant ungdomsskuleelevar. På spørsmål om kva fag elevane likar best, svarar elevane både i 2012 og 2007 at dei likar best kroppsøving, følgt av kunst og handverk, mat og helse og musikk (Wendelborg, et al., 2012, s. 185; Danielsen, Skaar, & Skaalvik, 2007, s. 36).

Dei to skulefagsundersøkingane frå 2009 (Vavik, et al., 2010) og 2011 (Espeland M. , et al., 2013) gir innsyn i fagleg innhald og prioriteringar i kunstfaga i grunnskulen. Desse to undersøkingane er begge nasjonale, men dei har noko ulikt fokus. Den første undersøkinga frå 2009 (Vavik, et al., 2010) har fokus på IKT-bruk på ungdomssteget og inneheld rapportar frå alle fag unnateke mat og helse, men den inkluderer altså kunst og handverk (Sømoe, 2010) og musikk (Espeland & Arnesen, 2010). Den andre undersøkinga frå 2011 (Espeland M. , et al., 2013) tar for seg dei praktisk-estetiske²⁰ faga på barnesteget, og inneheld også delrapportar for kunst og handverk (Sømoe, 2013) og musikk (Grønsdal & Espeland, 2013).

I begge undersøkingane vart det gjennomført felles spørsmål og fagspesifikke spørsmål til lærarar. Dei felles spørsmåla om praktisk-estetiske fag i *Skulefagsundersøkinga 2011* (Espeland M. , et al., 2013) viser ei svært positiv haldning til kunstfaga i skulen: Respondentane er positive til kva faga kan ha å seie for elevane si individuelle meistring, og for utvikling og kreativitet i estetiske fag og i andre fag. Respondentane er i liten grad einige i at estetiske fag svekker andre fag, og det verker å vere universell semje om at dei praktisk-estetiske faga ikkje bør overførast til kulturskulen. Frå dette kan ein slutte at dei estetiske faga, eller kunstfaga, ifølgje deltakarane i *Skulefagsundersøkingane* har sin naturlege plass i skulen.

Når det gjeld fagspesifikke spørsmål i *Skulefagsundersøkingane* vil vi konsentrere oss om delundersøkingane knytte til dei estetiske faga, eller som vi kallar dei, ”kunstfaga” musikk og kunst og handverk. Spørsmåla, resultatane og måten resultatane vert formidla på er nokså ulike i fagrapportane for dei to faga, og kan difor korkje samanliknast eller presenterast samla. I denne gjennomgangen av resultat frå Skulefagsundersøkingane vil vi difor behandle faga kvar for seg.

I det følgjande skal vi presentere nokre utvalde resultat frå delundersøkingane i kunst og handverk og musikk med særleg vekt på fagleg innhald og faglege aktivitetar. Det er viktig å peike på at dei to skulefagsundersøkingane har undersøkt ulike aspekt ved faga. Undersøkingane viser difor slik ikkje ei utvikling, men kan likevel gi relevant innsyn i faglege tilhøve dersom dei vert sett i samanheng

2.5.1 Kunst og handverkfaget

Kunst og handverkrapportane i skulefagsundersøkingane viser begge til tre ulike fagtilnærmingar/fagtradisjonar: Ei har fokus på handverk, ei anna tilnærming rettar seg mot IKT, reklame og forbruk, og ei tredje rettar seg mot kunst og danning (Sømoe, 2010; Sømoe, 2013). Svara til lærarane på barnesteget er breiare orienterte på den

¹⁹ Elevundersøkingane er årlege brukarundersøkingar i regi av Utdanningsdirektoratet, der elevane sine synspunkt på ulike dimensjonar ved skulen vert undersøkt. I nokre av rapportane spør ein etter kva fag elevane føretrekk.

²⁰ ”Praktiske fag” er kroppsøving og mat og helse, medan ”estetiske fag” er musikk og kunst og handverk.

måten at dei tek opp i seg fleire element frå ulike fagtradisjonar, noko som tyder på at innhaldet og aktivitetane i undervisninga i kunst og handverk på barnesteget er breiare orientert enn på ungdomssteget. Det ser dermed ut til at ungdomsskulelærarar i større grad kan fungere som faglege spesialistar innafor eit eige kunst og handverksteam (Sømoe, 2010). På barnesteget vert faget derimot i større grad forvalta av klasselærarane utan tydeleg spesialisering innafor faget. Svært få lærarar på barnesteget melder om bruk av fagteam (Sømoe, 2013, s. 95).

Når det gjeld IKT ser det ut til at ungdomsskulelærarane er positive til IKT-bruk i faget, men dei nyttar det likevel relativt sjeldan. Dette vert sett i samanheng med lærarane sitt utdanningsnivå: Ifølgje undersøkinga korrelerer fagspesifikk bruk av IKT positivt med utdanningsnivået til lærarane. Lærarar med høg utdanning nyttar ikkje IKT så ofte, men når dei gjer det er det på grunnlag av vurderingar av korleis IKT kan bidra til det kunst og handverkfaglege innhaldet i faget (Sømoe, 2010, s. 30). Undersøkinga frå 2009 viser elles at når det kjem til undervisninga er det "løysing av klart definerte oppgåver" og "retteleiing" som er dei vanlegaste måtane å organisera arbeidet i faget på. Museums- og kunstnarbesøk ser derimot ut til å vere ein liten del av undervisninga til respondentane (Sømoe, 2010, s. 83)

Kjønnskilnader i faget er eit sentralt tema i fagrapporten for barnesteget (Sømoe, 2013) Her viser resultatane at valet av materialar ser ut til å spegla ei tradisjonell kjønnsdeling i faget: Medan teikning og maling ser ut til å vere dei vanlegaste aktivitetane i faget uavhengig av kjønn, vel kvinner i stor grad å jobbe med tekstil og menn med tre. Same undersøkinga viser også at det er store skilnader når det gjeld IKT på barnesteget. IKT vert sjeldan nytta i kunst og handverk på barnesteget i det heile, men når det først er i bruk, er det i stor grad menn som står for dette.

2.5.2 Musikk

Skulefagsundersøkinga 2011 for musikkfaget på barnesteget (Grønsdal & Espeland, 2013) viser i all hovudsak at det er klasselærarane som rår på barnesteget, også i musikkfaget. Vidare viser denne undersøkinga at det ser ut til å gå eit skilje ved 30 studiepoeng utdanning i faget når det gjeld opplevd kompetanse (s. 134). Songaktivitetar og YouTube ser ut til å verte nytta av dei fleste respondentane uavhengig av kompetanse. Når det kjem til aktivitetar som gjeld komponering og førebuing/leiing av samspel, ser formell utdanning ut til å slå inn: Dei av lærarane som har mindre enn 30 studiepoeng i musikk finn desse aktivitetane vanskelegare enn dei med meir enn 30 studiepoeng i faget. Likevel ser det ut til at musikkfaglærarane i undersøkinga vurderer sin eigen praktiske kompetanse i ulike aktivitetar nokså positivt.

Rapporten peiker gjennomgåande på fleire signifikante skilnader mellom lærarar på småsteget og mellomsteget. Til dømes er tilgangen til eige musikkrom og grupperom dårlegare på småsteget (1.-4.klasse) enn på mellomsteget (5.–7. klasse). Alt i alt oppgjev ikkje meir enn 41 % på heile barnesteget alltid å ha tilgang til eit eige musikkrom, medan 24 % ikkje har tilgang til musikkrom i det heile teke. Svært få (20 %) har alltid tilgang til grupperom. Det er også skilnader mellom småsteg og mellomsteg når det gjeld tilgang til instrument. Dei fleste har ser ut til å ha god tilgang til piano, gitar og Orff-instrument, men når det kjem til bandinstrument, viser det seg at mellomsteget i mykje større grad enn småsteget har tilgang til slike instrument (s. 138).

Det er også skilnader mellom små- og mellomsteget når det gjeld innhald. Lærarar på mellomsteget ser ut til å legge større vekt på dei fleste aktivitetar enn lærarar på småsteget. Unnataket er song (som alle legg stor vekt på) og aktivitetar knytte til språk, drama og rørsle (s. 148). Skapande aktivitetar²¹ i faget ser ikkje ut til å vere vektlagd på barnesteget i det store og det heile, men lærarar på mellomsteget legg større vekt på skapande aktivitetar enn lærarar på småsteget (s. 151). Også utdanningsnivå slår ut på val av innhald: Analysen viser at lærarar med utdanning over 30 studiepoeng samla sett legg meir vekt på alle emne og aktivitetar i faget enn dei med mindre utdanning (under 30 studiepoeng), unnateke song som alle legg vekt på (s. 147). Den same tendensen ser ein for IKT-bruk i faget: Ingen lærarar nyttar IKT mykje. Av alle aktivitetane ein spurde etter, kom verdien for svara aldri over "av og til". Likevel er det klart at det er meir bruk av IKT på mellomsteget enn på småsteget.

Skulefagsundersøkinga 2011 (Grønsdal & Espeland, 2013) viser vidare at undervisninga i musikk i stor grad er organisert på tradisjonelt vis med timar kvar veke, at undervisninga ofte skjer i heilklasser, at planlegging og førebuing ofte vert gjort av individuelle lærarar, og at det i liten grad finst lokale læreplanar på skulen. Lokale

²¹ Til dømes komponering og improvisering.

læreplanar finst oftare på mellomsteget enn på småsteget (s.141). Lekser og prøvar er lite vanleg på barnesteget i musikkfaget, det ser heller ikkje ut til at tverrfaglege aktivitetar er vanlege (s. 143). Haldningsspørsmål i undersøkinga viser at lærarar er stort sett positive til teknologi, at songfaget står sterkt i skulen, og at lærarane generelt uttrykkjer at praktisk arbeid og aktivitetar er verdifulle i faget, sjølv om skapande arbeid kan vere litt vanskeleg (s. 156). Fagrapporten for musikk frå *Skulefagsundersøkinga 2009* (Espeland & Arnesen, 2010, s. 61) viser at det er stor variasjon mellom skular og lærarar, men at IKT generelt er svært lite brukt, og at fagspesifikk programvare i liten grad vert nytta.

2.6 Samarbeid mellom kunstfaga og andre aktørar i kunst og kulturlivet

Samarbeid mellom skulen og aktørar i kunst og kulturlivet, særleg kulturskulane og Den kulturelle skulesekken, har vore eit uttala politisk mål dei siste ti åra. Allereie i handlingsplanen *Broen og den blå hesten* (KUD og KUF, 1995)²² haldt ein fram idealet om auka samarbeid mellom skulen og kunst- og kultursektoren. Dette ønsket om samarbeid er tydeleg i ei rekke offentlege dokument, til dømes står det følgjande i formålet om musikkfaget i gjeldande læreplan: «Samarbeid med profesjonelle musikere og kunstnere og samarbeid mellom grunnskole og kulturskole muliggjør møter med kunstuttrykk av høy kvalitet og gir elevene anledning til å være medskapende i arbeids- og formidlingsprosessen» (Udir, 2006, formål med faget²³).

Ideala er klare, men graden av samarbeid mellom skulen og aktørar i kunst og kulturliv ser ut til å variere. Ifølgje undersøkinga *Spørsmål til Skole-Norge høsten 2012* (Vibe & Hovdhaugen, 2012) som m.a. tek for seg samarbeidet mellom skular og kulturskular, seier 58 % av skulane nasjonalt (N= 669) at dei ikkje i det heile eller berre i liten grad samarbeider med kulturskulane. Det er flest som samarbeider med kulturskulane på 1– 10-skular, elles ser tendensen ut til å vere synkande jo eldre elevane er. Midt- og Nord Noreg skil seg ut ved at dei har prosentvis fleire skular som seier at dei samarbeider med kulturskolane i stor eller i nokon grad. For dei andre tre regionane (Oslo og Akershus, Austlandet, Sør- og Vestlandet) er det små skilnader.

Det er verd å merke seg at det er endringar i same type undersøking tre år seinare (Gjerustad & Waagene, 2015). I 2015 er det berre 50 % nasjonalt (N = 556) som seier at dei ikkje eller i liten grad samarbeider med kulturskulane, sjå tabell 4.

Tabell 4. Skuleleiarar om i kva grad skulen deira samarbeider med kulturskulen. ²⁴

	I stor grad	I nokon grad	I liten grad	Ikkje i det heile
2015 (N=556)	10 %	41 %	31 %	18 %
2012 (N = 669)	12 %	25 %	28 %	35 %

Ut frå desse undersøkingane kan det sjå ut til at samarbeidet mellom skule og kulturskule på Sør- og Vestlandet har auka frå 2012 til 2015, og at desse endringane i stor grad har kome svarkategorien «i nokon grad» til gode.

Når det gjeld samarbeidet med Den kulturelle skulesekken (DKS), ser mange av grunnskuleleiarane på Sør- og Vestlandet ut til å meine at skulesekktilboda i stor eller nokon grad er tilpassa skulen sitt behov både med tanke på forankring i læreplanen (80 %), kompetansemål i faga (72 %), kunstoppleving (89 %) og elevaktivitet (73 %) (Gjerustad & Waagene, 2015, s. 110). Sør- og Vestlandet skil seg ifølgje same rapport ikkje særleg frå andre landsdelar. Skulestorleik ser heller ikkje ut til å ha verka inn på korleis skuleleiarar svarer på spørsmåla om tilboda frå Den kulturelle skulesekken er inkluderte i opplæringa ved skulen (s. 111).

I undersøkinga *Spørsmål til Skole-Norge våren 2009* (Vibe, Evensen, & Hovdhaugen, 2009) er ein stor del av undersøkinga via til kartlegging av korleis Den kulturelle skulesekken fungerer. Ein del av desse spørsmåla gjeld lokal organisering og prioritering av ordninga, noko vi ser bort frå i denne samanhengen. Vi vil i staden trekke fram einskilte svar som er særleg relevante frå eit grunnskuleperspektiv: Undersøkinga viser at dei aller fleste skulane har fast fungerande kulturkontakt²⁵, men skulestorleik kan ha innverknad: 98 % av skulane med meir

²² KUD = Kulturdepartementet, KUF = Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

²³ <http://data.udir.no/ki06/MUS1-01.pdf>

²⁴ Kjelde: Vibe & Hovdhaugen 2012; Gjerustad & Waagene 2015 .

²⁵ Skulen sin kontaktperson for Den kulturelle skulesekken. Dette er oftast ein av lærarane, men det kan også vere rektor eller ein avdelingsleiar.

enn 250 elevar har kulturkontakt, medan 86 % av skulane med under 100 elevar har slik kontakt (Vibe, Evensen, & Hovdhaugen, 2009, s. 58). Hovudinstrykket frå denne rapporten er elles at skulane melder om liten innverknad på korleis midlane vert nytta, men at skulane til ei viss grad sjølv kan bestemme over innhaldet (s. 66). Skulane verkar i stor grad å vere nøgde med skulesekktilbodet og ser på Den kulturelle skulesekken som ein ressurs i skulen (s. 63). Rapporten viser ei overvekt av tradisjonelle formidlingsformer der elevane har ein publikumsrolle (s. 77). Hordaland er fjerde beste fylke når det gjeld talet på tiltak frå Den kulturelle skulesekken med 11 per skule per år. Hordaland ligg dermed omtrent på landsgjennomsnittet (s. 74).

Oppsummert kan vi seie at omlag halvparten av skulane på Sør- og Vestlandet samarbeider ikkje eller i liten grad med kulturskulane. Når det gjeld samarbeidet med Den kulturelle skulesekken, ser skulane ut til å vere nøgde med ordninga og meiner at tilboda er tilpassa skulen sine behov.

2.7 Kva veit vi ikkje om kunstfaga i grunnskulen?

Om vi ser på kunnskapsoversikta så langt, er forskinga av ulike slag og gjev ulike typar informasjon. Dei store statistiske undersøkingane som er finansierte av statlege aktørar²⁶ gjev godt oversyn fordi dei har store utval og høg svarprosent. Desse undersøkingane spør derimot sjeldan etter kunstfaglege tilhøve. Unnataket er lærar-kompetanse og etter- og vidareutdanning for lærarar, som vi etterkvart veit ganske mykje om, også for kunstfaga. Andre typar statistiske undersøkingar med fokus på kunstfagleg relevante problemstillingar er ofte av mindre omfang og med lågare svarprosent, noko som kan gjere det vanskelegare å generalisere på bakgrunn av svara frå desse undersøkingane. Mindre undersøkingar kan likevel gi interessant og relevant informasjon, både i seg sjølv og sett i samanheng med andre studiar. Einskilde kvalitative studiar kan også gi utfyllande og detaljert informasjon om problemstillingar som er relevante i denne samanhengen.

Kunnskapsoversynet har så langt vist at den prosentvise delen av tida nytta på kunstfaga musikk og kunst og handverk i grunnskulen har gått ned, og at kunstfaga har nokså låge timetal samanlikna med mange andre fag. Den einskilde kommune og skule har noko rom for omdisponering og fleksibel bruk av timar og middel, men det er *uvisst om (og i så fall korleis) denne fleksibiliteten kjem kunstfaga til gode*. Vi har difor inkludert spørsmål om dette i undersøkinga.

Den før nemnde forskinga gjev lite innsyn i *om det vert gjeve tilpassa opplæring og spesialundervisning i eller i samanheng med kunstfaga*, om skulane til dømes har alternative opplæringsarenaer knytte til kunstfaga, eller om kunstfaga er del av elevar sine individuelle opplæringsplanar. Spørsmål om dette vart difor også inkludert i undersøkinga.

Skulefagsundersøkingane (Vavik, et al., 2010; Espeland M., et al., 2013) gjev noko oversyn over lokal organisering og prioritering i faga, særleg på barnesteget, men undersøkingane for kunst og handverkfaget og musikkfaget er ulikt utforma i desse undersøkingane. Det manglar difor utfyllande informasjon om korleis *kunstfaga vert prioriterte og organiserte på skulane*, og det vart difor viktig å inkludere spørsmål om dette: Er til dømes kunstfaga del av planarbeidet på skulen, frå lokale satsingsområde, via lokale læreplanar og ned til vekeplanar? Er kunstfaga synlege i skule-heim-samarbeidet? Korleis er undervisninga timeplanlagt? Kven planlegg innhaldet i undervisninga? Kva utstyr og innhald vert vektlagt i faga? Slike spørsmål inkluderte vi i undersøkinga.

Noko skuleutviklingsforskning viser at rektorane sine interesser og "drive" kan ha innverknad på skulen sine planar og faglege prioriteringar (sjå til dømes Fullan, 2007; Fullan, 2014; Hargreaves & Shirley, 2009). Det finst også kunstfagleg forskning som hevdar at rektor si interesse kan vere viktig for korleis kunstfagundervisning i skular vert gjennomført (Christophersen & Ferm-Thorgersen, 2015; Stake, Bresler, & Mabry, 1991). Medan tidligare undersøkingar seier mykje om kunstfaglærarane sin kompetanse, *veit vi mindre om rektor sin faglege bakgrunn*.

²⁶ Til dømes *Kompetanseprofilundersøkingane* utført av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og *Spørsmål til Skole-Norge* utført av Norsk institutt for studiar av forskning, innovasjon og utdanning (NIFU) på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Vi vil peike på at spørsmålet om korleis rektor sine interesser kan verke inn på prioriteringar i kunstfagundervisning er komplekst, og antakeleg best kan undersøkjast kvalitativt. Vi har likevel inkludert eit spørsmål i undersøkinga om rektorane har kunstfag i fagkretsen sin.

Ifølgje mandatet er føremålet med undersøkinga å kartlegge tilstanden for kunstfaga i Hordaland med fokus på organisering og prioritering. Desse tilhøva har då også stått i fokus for undersøkinga. Til hjelp for analysen har vi likevel valt å inkludere noko demografisk informasjon på individnivå (kompetanse, bakgrunn, kjønn) og på skulenivå (storleik og steg). Vi har elles teke utgangspunkt i spørsmål frå musikkfagdelen av *Skulefagsundersøkinga 2011* (Grønsdal & Espeland, 2013), og nytta desse som utgangspunkt for å formulere spørsmål for begge kunstfaga slik at spørsmåla til musikkfaglærarar og kunst og handverkslærarar vart så like så mogleg. Vi har likevel sjølvstilt gjort tilpassingar til det einiskilde faget i måten spørsmåla vart utforma på.

3 Metode

3.1 Innleiing

Føremålet med prosjektet var å kartegge tilstanden for kunstfaga i grunnskolen, med eit særskilt fokus på organisering og prioritering. Datamaterialet som er lagt til grunn for rapporten er samla inn i form av ei elektronisk spørjeundersøking distribuert på e-post blant grunnskulelærarar og rektorar i Hordaland våren 2016.

3.2 Rekruttering og utval

Vi ønskte å rekruttere rektorar, musikk-lærarar og kunst og handverkslærarar på kvar skule i fylket til denne undersøkinga. Som før nemnt viser forskning at rektor kan ha innverknad på lokale kunstfaglege prioriteringar. Å søkje kunnskap om rektor sine haldningar og prioriteringar med tanke på kunstfaga var difor viktig for denne undersøkinga. Vi søkte også spesialisert kunnskap om innhald, aktivitetar og prioriteringar i kvart fag. Denne type spørsmål kan berre svarast på av lærarar som underviser i faga. Sidan grunnskulen er generelt mykje utforska bestemte vi difor at vi ville gjennomføre undersøkinga med tre sentrale personar på kvar skule: Rektor og ein lærar frå kvart av dei to aktuelle faga. Dette var for å unngå unødige belastning på skuletilsette,

Ettersom vi hadde ikkje tilgang til informasjon om kunstfaglærarar i fylket, var det ikkje mogleg å gjere eit tilfeldig uttrekk av respondentar. Utvalet måtte difor gjerast gjennom *sjølvseleksjon* (Hellevik, 2002). Eit elektronisk skjema med informasjon om undersøkinga vart sendt til 272 rektorar ved grunnskulane i fylket. Rektorane vart bedne om å oppgje e-postadresser til éin musikk-lærar og éin kunst og handverkslærar²⁷ på sin skule, som saman med rektor skulle få tilbod om å delta i sjølve spørjeundersøkinga. Responsen på førespurnaden til rektorane var låg. Etter ei elektronisk utsending, to purringar på e-post og ei runde med telefonpurringar var det 119 rektorar som hadde oppgjeve e-postadresser til kunstfaglærarar. Dette er eit lågare tal enn venta. Dialogen med rektorane gav inntrykk av at tidspress var hovudårsaka til at dei ikkje svarte på førespurnaden om e-postadresser.

3.3 Spørjeskjema

Spørjeskjema vart utforma i samarbeid mellom analysegruppa i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune og Senter for Kunstfag, kultur og kommunikasjon ved Høgskolen i Bergen. Spørjeskjemaet er delt inn i ein felles del for rektorar og lærarar der tema er bakgrunnsspørsmål, utsegner om kunstfaga samt samarbeid med høvesvis fylkeskommune og kulturskule. På bakgrunn av kva stilling respondentane har, høvesvis rektor, musikk- eller kunst og handverkslærar, vart respondentane slusa inn på stillingsspesifikke delar. Respondentane som korkje var lærar i kunstfag eller rektor kunne svare «anna», noko som var eit grep for å sluse ut personar som ikkje var i målgruppa for undersøkinga. Det kan tenkjast at lærarar på ein skule underviser i begge fag, og dermed har svart "anna". Det kan også tenkjast at lærarar som underviser i begge faga berre har svart på ein av dei stillingsspesifikke delane av spørjeskjema.

Lærardelen av spørjeskjemaet omfatta spørsmål om kompetanse, erfaring, etterutdanning, planlegging og organisering av undervisning, utstyr og fagleg innhald. I rektor sin del av skjemaet er det spurt om korleis kunstfaga er prioritert, lokale læreplanar, samarbeid med ulike aktørar, tilgjengeleg utstyr og fasilitetar, opplæringsarena, minstetimetall samt etter- og vidareutdanning. Spørjeskjemaet inneheldt også fleire utsegner som respondentane skulle ta stilling til (sjå vedlegg). Spørjeskjemaet inneheld både lukka og opne spørsmål. For å korrigere feil og uklarheiter i skjemaet vart det testa på førehand (pilot) ved at ein rektor og to lærarar på ein skule Rogaland og ein skule i Sogn og Fjordane svarte på spørjeskjemaet og meldte tilbake til forskarane. Etter dette vart den endelege elektroniske undersøkinga distribuert via e-post til rektor, ein kunst og handverkslærar og ein musikk-lærar per skule til dei sjølvselekterte skulane i Hordaland.

²⁷ Med musikk- og kunst og handverkslærar meiner vi lærarar som underviser i faget.

3.4 Vurdering av datagrunnlaget

Ved å legge til grunn ein «total» populasjon, altså kor mange respondentar ein kan nå ut til ved hjelp av vår framgangsmåte for seleksjon, vil det teoretiske bruttoutvalet vere 816 einingar (tilsvarande 272 skular med tre tilsette på kvar skule). Etter innmelding av respondentar vart nettoutvalet på 359 respondentar som alle fekk tilsendt spørjeskjemaet. 203 respondentar svarte på heile eller delar av skjemaet²⁸. Dette er 56,5 % av nettoutvalet (359 som var sjølvselektert) og 25 % av det teoretiske bruttoutvalet (816). Samla sett kom det svar frå 60 av totalt 272 skular. 29 av 33 kommunar i Hordaland var representerte i undersøkinga.

Sjølvseleksjon aukar faren for at utvalet vert skeivt. Dette er fordi det er lettare å rekruttere respondentar som er spesielt interesserte eller engasjerte i tema ein spør om. Ettersom uttrekket ikkje vart gjort tilfeldig kan vi ikkje bruke statistiske metodar for å rekne ut feilmargen på svara og dermed seie noko om usikkerheit i svara som er gjeve.

For å vurdere representativitet kan vi samanlikne utvalet i denne undersøkinga mot andre undersøkingar. Kjønnsfordelinga i vårt utval til dømes, 74 % kvinner og 27 % menn, ser ut til å stemme godt med tala frå *Grunnskolen informasjonssystem*²⁹, som fortel at 75 % av alle lærarane i Hordaland i skuleåret 2015/2016 er kvinner. Sjølv om utvalet vårt omfattar både rektorar og lærarar, stemmer dette likevel nokså godt med tala frå databasen.

Når det gjeld fordelinga av respondentar mellom offentlege og private skular stemmer våre tal godt med dei fylkesvise tala. Eit stort fleirtal av respondentane våre, 94 %, arbeider ved offentlege skolar, medan 6 % er knytt til private skular med offentleg støtte. I statistikken frå Statistisk sentralbyrå over skular i Hordaland³⁰ er dette ganske likt, der 92 % er offentlege skular og 8 % er private skular med og utan offentleg støtte.

Når det gjeld fordelinga av skuletypar i Hordaland, viser denne ifølgje Statistisk sentralbyrå³¹ at fleirtalet av skulane i fylket (65 %) er barneskular, medan ungdomsskulane og dei kombinerte barne- og ungdomsskulane utgjør eit mindretal. Eit fleirtal av respondentane i denne undersøkinga er òg tilsett ved barneskular, men i mindre grad enn kva statistikken over skulane tilseier. Til dømes finn vi at 34 % av musikk-lærarane i utvalet jobbar ved ungdomsskular, medan det i Hordaland er 16% ungdomsskular blant alle skulane. Når det gjeldt kunst og handverks-lærarane i utvalet jobbar 27 % ved dei kombinerte barne- og ungdomsskulane, som utgjør 19 % av skulane i fylket.

I resultatata frå kompetanseundersøkinga i grunnskulen (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014) ligg Hordaland over landsnittet kva gjeld kompetanse i kunstfag. Fordelinga nasjonalt og på fylkesnivå viser likevel at halvparten av lærarane som underviser i kunstfag har færre enn 30 studiepoeng. I resultatata frå denne undersøkinga derimot, har vi eit fleirtal av lærarar med høg kompetanse, der nesten fire av fem har 60 studiepoeng eller meir (over 20 vektal) i eit av dei to kunstfaga.

²⁸ 194 gjennomførte heile undersøkinga, ni har svart på delar av skjemaet.

²⁹ <https://gsi.udir.no>

³⁰ Frå Statistikkbanken i Statistisk sentralbyrå, tabell 09546: "Grunnskolar, etter skolestorleik, skolens organisasjonsform og eigeforhold (K)

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/selecttable/hovedtabellHjem.asp?KortNavnWeb=utgrs&CMSSubjectArea=utdanning&checked=true>

³¹ Frå Statistikkbanken i Statistisk sentralbyrå, tabell 09546: "Grunnskolar, etter skolestorleik, skolens organisasjonsform og eigeforhold (K)

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/selecttable/hovedtabellHjem.asp?KortNavnWeb=utgrs&CMSSubjectArea=utdanning&checked=true>

Oppsummert kan ein seie at utvalet i denne undersøkinga er noko skeivt, dette gjeld særleg representasjon frå ulike skuletypar og lærarane sin kompetanse. Det kan være to moglege årsaker til desse avvika: Det eine er at ein ved å velje ut høvesvis musikk- og kunst og handverkslærar har gjeve rektor moglegheit til å velje dei lærarane med høgast kompetanse. Den andre moglege årsaka er at vi, trass presiseringa om å ønske å nå alle dei som underviser i faget utan omsyn til formell kompetanse, har lærarar i utvalet som ikkje identifiserer seg som musikk- og/eller kunst og handverkslærar og dermed har latt vere å svare på undersøkinga. Vi veit til dømes frå tidlegare forskning at lærarane på lågare steg i skulen ofte har mindre kunstfagleg kompetanse enn på høgare steg (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014), og at det også ser ut til å vere allmennlæraren som underviser i kunstfaga på lågare steg (Espeland M. , et al., 2013) Undervisninga i musikk- og eller kunst og handverk er difor kanskje berre ein liten del av dei arbeidsoppgåvene til desse lærarane.

Resultata i denne undersøkinga kan difor ikkje utan vidare generaliserast, men dei bidreg likevel til – i kombinasjon med andre undersøkingar – å fylle ut eit større bilete. I *Skulefagsundersøkinga 2011* (Grønsdal & Espeland, 2013, s. 159) nyttar ein omgrepet "temperaturmåling" for å karakterisera undersøkinga. På same måte tar vi temperaturen på kunstfagundervisninga i grunnskulane i Hordaland. Ved å sjå våre resultat saman med det store biletet kan vi seie noko om korleis det står til, og oppfylle mandatet om å peike på nokre utfordringar.

4 Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland

4.1 Innleiing

I dette kapittelet skal vi gjennomgå resultatane frå spørjeundersøkinga om kunstfaga i grunnskulen i Hordaland. Innhaldet i kapittelet er femdelt: Kapittelet startar med bakgrunnsinformasjon om respondentane, skulane og stega respondentane er tilsette ved, følgt av informasjon om lærarane si undervisning og undervisningserfaring (avsnitt 4.2). Så kjem informasjon om respondentane sin kompetanse (avsnitt 4.3). Etter dette kjem eit avsnitt om respondentane sine haldningar til kunstfaga i skulen (avsnitt 4.4), følgt av hovudavsnittet i kapittelet som handlar om lokal organiseringa og prioritering ved skulane (avsnitt 4.5). Til slutt kjem informasjon om skulane sitt samarbeid med eksterne kunstfaglege aktørar (avsnitt 4.6).

Resultata i dette kapittelet er baserte på svar frå totalt 203 respondentar (N=203³²). Ein del av spørsmåla, så som spørsmåla om organisering av undervisninga, planlegging, lokale læreplanar, svarer til spørsmål frå musikkdelen av Skulefagsundersøkinga 2011 (Grønsdal & Espeland, 2013). I vår undersøking har vi stilt desse spørsmåla til lærarar i både musikk og i kunst og handverk.

4.2 Bakgrunnsinformasjon

4.2.1 Respondentane fordelt på stilling, skuletype og skulestorleik

Spørjeskjemaet inneheldt ei rekke demografiske spørsmål (bakgrunns spørsmål) både på individnivå og på skulenivå. Respondentane vart mellom anna spurde om kva stilling dei hadde, kva skuletype dei arbeider i (offentleg/privat) og skulestorleik.

Blant respondentane var det 60 rektorar (30 %), 46 musikk lærarar (23 %), 60 kunst og handverkslærarar (34 %), og 28 andre³³ (14 %). 94 % av desse er tilsette i offentlege skular, medan 6 % arbeider på private skular med offentleg støtte.

Halvparten av respondentane er tilsette ved barneskular, 29 % ved ungdomsskular, 20 % ved 1–10-skular og 2 % ved andre skular³⁴. Som før nemnt (sjå avsnitt 3.4) er 65 % av skulane i Hordaland barneskular. Samanliknar ein desse tala med våre tal, tyder det altså på at vårt utval er noko skeivt.

Den største delen av musikk lærarane i denne undersøkinga er tilsette ved barneskular (48 %), medan lærarane i kunst og handverk er noko jamnare fordelt mellom barne- og ungdomssteget. Her må vi ta atterhald om at fleire kunst og handverkslærarar enn musikk lærarar har svart på undersøkinga, så tala for musikk lærarane kan også vere noko skeive.

Dei fleste av lærarane i undersøkinga (83 %) er tilsette ved skular med eit elevtal under 400. Under ein femtedel av lærarane (17 %) jobbar altså på skular med meir enn 400 elevar. Den største delen av musikk lærarane (32 %) jobbar ved dei minste skulane (<99 elevar), medan kunst og handverkslærarane er jamnare spreidd på skular med ulik storleik.

4.2.2 Lærarane: Undervisning og røynsle

Lærarane vart spurde om kva steg dei underviser på, kor lenge dei har undervist i skulen, og kor mange timar musikk eller kunst og handverk dei underviser i veka.


Svara går fram av figur 1 og viser at mange respondentar underviser på fleire steg, og flest arbeider på mellom- og ungdomssteget:

³² 194 komplette svar og ni delvise svar.

³³ Av dei som har svart "anna" er desse lærarar i musikk eller kunst og handverk, men med ein tilleggfunksjon, som til dømes kontaktlærar eller avdelingsleiar. Nokre av desse "andre" underviser også i begge kunstfaga.

³⁴ Nokre få skulane er organiserte slik at dei ikkje passar inn i dei vanlege kategoriane, til dømes ved at dei har spesialavdelingar eller andre steginddelingar enn det som er vanleg.

Figur 1. Undervisning fordelt på steg. Lærarar. Prosent.




Av figuren ser vi at alle stega er godt representerte for begge faga. Halvparten av musikk lærarane underviser på mellom- og ungdomssteget, medan omlag ein tredel (34 %) underviser på småsteget. Seks av ti kunst og handverkslærarar underviser på mellomsteget, litt færre på ungdomssteget (56 %) og om lag tre av ti (29 %) på småsteget).

Respondentane i denne undersøkinga er røynde lærarar. Dei fleste har undervist i faget sitt i 11-19 år (34 % av musikk lærarane og 30 % av kunst og handverkslærarane). Ein fjerdedel av musikk lærarane (25 %) har undervist fem år eller mindre i faget, tilsvarende tal for kunst og handverk er to av ti (19 %). Over ein fjerdedel (27 %) av kunst og handverkslærarane har undervist 20 år eller meir i faget. Færre av musikk lærarane (14 %) har så lang røyndle med undervisning. Som gruppe er respondentane altså nokså røynde undervisarar, men kunst og handverkslærarane i denne undersøkinga har noko lengre fartstid i faget sitt enn musikk lærarane.

Læraren vart spurte om kor mykje dei underviser. Timefordelinga går fram av figur 2.

Figur 2. Undervisningstimar per veka. Lærarar. Tal og prosent.



Figur 2 viser at kunst og handverkslærarane som har svart på undersøkinga underviser meir enn musikk lærarane som har svart. Dei fleste (omlag seks av ti eller 58 %) av kunst og handverkslærarane underviser meir enn 6

timar i veka. Berre omlag ein fjerdedel av musikk lærarane (27 %) underviser så mykje. Den største gruppa musikk lærarar (fire av ti eller 39 %) underviser 4-5 timar i veka, medan ein tredel (34 %) underviser berre 1-3 timar i veka. Vi ser altså at kunst og handverks lærarane underviser fleire timar i veka enn musikk lærarane. Vi veit ikkje kva som er årsaken til dette, men om vi skal spekulere kan det skuldast fleire ting: Det kan til dømes tenkjast at kunst og handverks lærarane i vår undersøking i større grad enn musikk lærarane fungerer som faglærarar på sin skule, og difor underviser fleire klassar i musikk. Det kan også vere så enkelt at kunst og handverks lærarane underviser meir fordi kunst og handverks faget har fleire timar i skulen enn musikk faget.


4.3 Kompetanse og kompetanseheving

4.3.1 Formell kompetanse

Vi har spurt rektorane om dei har kunstfag i fagkretsen sin. Nesten halvparten av rektorane (45 %) svarer at det har dei. Vi veit ikkje kva type kunstfag (musikk, kunst og handverk, dans, drama, litteratur, foto/film) dei har utdanning i.

Lærarane vart også spurde om si formelle utdanning i kunstfag. Svara, som vist i figur 3, viser at dei ikkje berre røynde, slik vi såg i førre avsnitt, dei har også nokså høg kompetanse.

Figur 3. Formell utdanning i kunstfag. Lærarar. Tal og prosent.




Som vi ser av figur 3 har tre av fire lærarar i begge faga 60 studiepoeng eller meir i kunstfaget dei underviser i. Her ligg snittet høgare enn for Hordaland generelt, og som vi såg i kunnskapsoversynet (sjå tabellane 2 og 3) ligg Hordaland igjen høgare enn landsgjennomsnittet. Figur 3 syner også ein tendens i vår undersøking til at dei med høgast kompetanse underviser på ungdomssteget, noko som er i tråd med resultatane frå kompetanseprofilundersøkingane til Statistisk sentralbyrå (sjå Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014; Lagerstrøm, 2007)

Det er fleire av musikk lærarane enn kunst og handverks lærarane som har låg utdanning i faget. Ein av fem musikk lærarar (20 %) har 0–29 studiepoeng (det vil seie mindre enn ei halvårseining) i faget, og dei fleste av desse underviser på barne- eller mellomsteget. Til samanlikning har berre 11 % av kunst og handverks lærarane under 30sp utdanning i faget.

4.3.2 Opplevd fagleg kompetanse og behov for fagleg påfyll

Lærarane i både musikk og i kunst og handverk vart spurde om dei opplever at dei er godt kvalifiserte til å undervise i faget, sjå figur 4. Mange av lærarane meiner seg godt kvalifiserte.

Figur 4. Opplevd kompetanse og behov for fagleg påfyll fordelt på fag. Lærarar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



På spørsmålet om korleis lærarane opplever sine kvalifikasjonar, vart svara gjevne på skalaen 1-6, der 1 er heilt ueinig og 6 er heilt einig. Snitta for begge lærargruppene er nokså høge: 5,2 for musikk lærarar og 5,5 og kunst og handverklærarar. Figur 4 viser ein svak tendens til at kjensla av å vere kvalifisert til å undervise stig med nivået ein underviser på. Til dømes ser vi for musikk lærarar at svara stig frå verdien 4,9 på småsteget til 5,2 på mellomsteget og 5,3 på ungdomssteget. Same tendensen ser vi også for kunst og handverkfaget (5,3 på småsteget, 5,5 på mellomsteget og 5,6 på ungdomssteget).

Kunst og handverklærarane (verdi 4,7) melder i noko større grad enn musikk lærarane (4,1) at dei treng fagleg påfyll. Behovet for fagleg påfyll ser ut til å vere minst for musikk lærarane på ungdomssteget (3,9), elles er det små skilnader mellom stega i begge faga når det gjelder behovet for fagleg påfyll.

4.3.3 Etter- og vidareutdanning

Vi har spurt lærarane om dei har teke etter- og vidareutdanning dei siste tre åra, og om dei har bedd om slik utdanning. Dette spørsmålet kan ein sjå i samanheng med spørsmålet om behov for fagleg påfyll i førre avsnitt. Fagleg påfyll er ein brei kategori som kan dekke tilgang til eller innkjøp av læringsressursar og faglitteratur/fagmateriell, samt deltaking på kurs og seminar. Om ein lærar kjenner behov for fagleg påfyll, kan hen også be om etter- og vidareutdanning, som er tilbod i høgare utdanningsinstitusjonar. Vidareutdanning er utdanning som utløyser studiepoeng, medan etterutdanning er kortare kurs som ikkje er kompetansegejevande.

Tabell 5 viser at det i materialet vårt er få som har teke etter- og vidareutdanning dei siste tre åra.

Tabell 5. Etter- og vidareutdanning dei siste tre åra. Lærarar. Tal.

	Musikklærer (N=44)		Kunst og handverkslærer (N=64)	
	Ja	Nei	Ja	Nei
Har du bede om kompetansegejevande vidareutdanning dei siste tre åra?	3	41	5	59
Har du teke kompetansegejevande vidareutdanning dei siste tre åra?	0	43	3	60
Har du bede om etterutdanning dei siste tre åra?	6	38	10	54
Har du teke etterutdanning dei siste tre åra?	5	39	2	62

Av tabell 5 ser vi at berre totalt tre av 109 lærarar har teke kompetansegejevande vidareutdanning i kunstfaga dei siste tre åra, og alle desse tre var frå kunst og handverk. Sju lærarar (fem frå musikk og to frå kunst og handverk) har teke etterutdanning. Kunst og handverkslærarane har altså fått noko vidareutdanning, medan musikklærarane har fått noko etterutdanning. Ein av deltakarane som søkte om etterutdanning i musikk seier følgjande i eit ope kommentarspørsmål:

"Musikk vart teke vekk frå 'Kompetanse for kvalitet' i fjor. For førre skuleåret fekk eg avslag frå sentralt hald sjølv om rektor og skuleeigar støtta søknaden min om etterutdanning i musikk".


Resultata stemmer slik ganske godt med det vi veit frå andre kartleggingar av kompetanse og kompetansebehov, til dømes frå skuleeigar sine rapporteringar om bruk av midlar (Rambøll 2013), som viser at kunstfaglærarar systematisk ikkje tar etter- og vidareutdanning.

Som vist i figur 4 ser lærarane seg som godt kvalifiserte. Dette kan ein tenkje seg er med på å redusere etter-spurnaden med tanke på etter- og vidareutdanning. Dette biletet vert noko meir nyansert om ein held saman opplysningar om faktisk gjennomføring av etter- og vidareutdanning med svara på spørsmåla om prioriteringar, som vi skal sjå på i neste avsnitt.

4.3.4 Prioriteringar frå skuleeigar

Vi har spurt skuleeigarane, det vil seie rektorane, om å ta stilling til utsegnene om prioriteringar frå skuleeigar, som i over ni av ti tilfelle er lik kommunen. Svarfordelinga på dei seks utsegnene kan ein sjå i figur 5 :

Figur 5. Skuleeigar sine prioriteringar. Rektorar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



Figur 5 viser at ifølgje rektorane er skuleeigarane nokså opptekne av å ha kvalifiserte lærarar i alle fag (snitt 4,2 på skalaen 1-6, der 6 er heilt einig), dei er også einige i at skuleeigar er opptekne av å ivareta alle sider av elevane si utvikling (snitt 4,4). På andre område er rektorane meir lunkne til skuleeigar si haldning og innsats, til dømes på spørsmålet om skuleeigar prioriterer kunstfaga i mål og planar (3,1), og om skuleeigar er opptekne av å skape gode kår for kunstfaga (3,3).

Rektorane er minst einige i at skuleeigar prioriterer etter- og vidareutdanning (snitt 2,0) og kompetanseheving i faga. Snittet er særleg lågt på utsegna om at skuleeigar prioriterer kunstfag i mål og planar, og at skuleeigar tilbyr kompetanseheving i kunstfag (2,1). Desse to svara heng saman, og stemmer ganske bra med det vi veit frå andre undersøkingar (Sjå til dømes Gjerustad & Salvanes, 2015; Gjerustad & Waagene, 2015; Gjerustad & Lødding, 2014; Rambøll, 2013; Vibe & Sandberg, 2010, Gran, 2008).

Rektorane var altså nokså klare på at kompetanseheving i kunstfaga ikkje vert prioritert av skuleeigar. Lærarane vart på liknande måte bedne om å ta stilling til utsegna om at arbeidsgjevar legg til rette for fagleg påfyll. Respondentane svarte her langs ein skala frå 1-6, der 1 var heilt ueinig og 6 er heilt einig. Snittverdiene på svara til dette spørsmålet var nokså låge: 2,9 for musikk og 2,4 for kunst og handverk. Ordlyden i dette spørsmålet kunne vore betre, og ein av respondentane peiker då også på dette i eit ope kommentarspørsmål:

"Kven er arbeidsgjevar? Dersom ein meiner det er kommunen er svaret nei, dersom ein meiner rektor lokalt er svaret ja".

Det er altså noko uklart kva respondentane har lagt i ordet "arbeidsgjevar". Sjølv med dette atterhaldet, er det likevel rimeleg klart at kunstfaglærarane opplever lita grad av tilrettelegging for fagleg påfyll.

4.4 Haldningar til kunstfaga

Alle respondentane vart bedne om å ta stilling til ulike utsegn om kunstfaga i skulen. Gjennomsnittsverdiene vert presenterte under i tabell 6:

Tabell 6. Haldningar til kunstfaga, alle respondentar (A), rektorar (R), musikk lærarar (M), kunst og handverkslærarar (KH). Snittverdiar på ein skala frå 1 til 6 der 6 er heilt einig og 1 er heilt ueinig.

Utsegn	A	R	M	KH
Kunstfaga er ein del av elevane si allmenndanning	5,8	5,8	5,7	5,8
Kunstfaga gjev arenaer for meistring og sjølvuttrykk	5,8	5,9	5,7	5,8
Kunstfaga bidreg til utvikling av kreativitet og skapande evner	5,8	5,9	5,6	5,9
Kunstfaga bidreg til læring i alle fag	5,5	5,3	5,3	5,7
Kunstfag gjev elevane pusterom i kvardagen	5,3	5,2	5,3	5,4
Kunstfag er like viktige som andre fag	5,7	5,5	5,6	5,8
Kunstfag burde hatt større plass på timeplanen	5,1	4,5	5,3	5,4
Kunstfag er vanskelege å undervise i	3,3	3,3	3,4	3,0
Kunstfag tar tid frå andre fag	1,5	1,6	1,3	1,4
Det bør vere kompetansekrav for å undervise i kunstfag	5,2	5,0	5,0	5,5
Andre fag tar tid frå kunstfaga	3,5	2,9	3,7	3,8
Kunstfagopplæringa bør omfatte alle kunstfag	4,9	5,0	4,7	5,0

Som vi ser av tabell 6 uttrykkjer respondentane universelt positive haldningar til kunstfaga i skulen. Dette gjeld særleg på spørsmål om utvikling av kreativitet og skapande evner (snittverdi 5,8), om kunstfaga bidreg til meistring og sjølvuttrykk (5,8) og kunstfaga som del av allmenndanninga til elevane (5,8). Også på spørsmålet om kunstfag bidreg til læring i alle fag, er svara svært positive frå alle gruppene (5,5). Samla sett er respondentane minst einige i utsegnene om at kunstfag er vanskeleg å undervise i (3,39) og at kunstfag tar tid frå andre fag (3,5). Desse funna stemmer i stor grad overeins med tidlegare kartlegging av lærarar sine haldningar til kunstfaga i skulen (Espeland, et al., 2013).

Sidan haldningsspørsmåla i undersøkinga vår vart stilt til både lærarar og rektorar, kan vi samanlikne svara frå desse gruppene. Det viser seg at rektorane i undersøkinga vår på mange spørsmål faktisk er noko meir positivt innstilt enn lærarane. Til dømes meiner rektorane i mindre grad enn lærarane at andre fag tar tid frå kunstfaga (rektorar 2,9, gjennomsnitt 3,5). Rektorane meiner i litt større grad enn lærarane at kunstfaga gjev arenaer for meistring og sjølvuttrykk (rektorar 5,9, gjennomsnitt 5,8) at kunstfag bidreg til utvikling av kreativitet og skapande evner (rektorar 5,9, gjennomsnitt 5,8). Rektorane er også noko meir einige enn lærarane i at kunstfagopplæringa i skulen burde omfatte alle kunstfag (rektorar 5,0, gjennomsnitt 4,9). Sjølv om mange rektorar er einige i utsegna

om at kunstfaga burde hatt meir tid på timeplanen, er rektorane likevel klart mindre einige i dette enn lærarane, men her skil også lærargruppene seg frå kvarandre (rektorar 4,5, kunst og handverkslærer 5,4, musikk lærar 5,3).


Svara på haldningsspørsmåla peiker altså i litt ulike retningar. På den eine sida er det stor semje om at kunstfaga er viktige fag som krev kompetanse hos lærarane, vidare at kunstfagopplæringa burde omfatte alle kunstfaga og ikkje berre musikk og kunst og handverk. Ei mogleg tolking er at det på prinsipielt grunnlag kan vere ei viss stemning for at kunstfaga kan få noko større plass i skulekvardagen. På den andre sida fell snittet tydeleg når rektorane vert bedne om å ta stilling til om kunstfaga burde hatt større plass på timeplanen. Det ser difor ut til å vere eit visst sprik mellom haldning og vilje til handling. Dette kjenner vi igjen frå andre undersøkingar som har peikt på det same, som til dømes *Skulefagsundersøkinga 2011* (Espeland M. , et al., 2013).

4.5 Lokal organisering og prioritering

4.5.1 Satsingsområde

I tillegg til eventuelle kommunale satsingsområde for grunnopplæringa, kan skulane sjølve også formulere eigne satsingsområde og eigne strategiske planar. Alle rektorane i undersøkinga vart spurde om kunstfaga er ein del av satsingsområda på deira skule.

Figur 6. Kunstfaga som satsingsområde i skulane. Rektorar. Prosent.



To av tre rektorar svarer nei på om spørsmålet om kunstfaga er del av satsingsområde på skulen. Ein av tre rektorar svarer altså ja. Sjølv om det ikkje er ein stor del av rektorane som svarer at kunstfaga er satsingsområde, er det likevel fleire enn ein kanskje skulle tru på førehand. Vi har før nemnt at utvalet er skeivt, og dette kan virke inn på dette svaret. Ein mogleg følge av sjølvseleksjon er at dei spesielt kunstfaginteresserte rektorane/skulane meldte seg til å delta, og at desse skulene dermed også er meir tilbøyelege enn andre skular til å ha slike satsingar på skulen. Heilskapsinntrykket er likevel at kunstfaga i liten grad vert satsa på på skulane.

4.5.2 Tidsbruk

Som nemnt er det lokalt noko fridom med tanke på måten timar vert nytta på. Skuleeigar kan omdisponere inntil 5 % av timane lokalt, likevel må minstetimetallet for alle fag slik det er spesifisert av Utdanningsdirektoratet halddast. Rektorar har i tillegg ein liten fleksibel timepott som dei kan bruke etter eige ønskje på sin skule. Vi var interesserte i å vite meir om dette.

På spørsmål om timetallet i kunstfaga overstig minstetimetallet, seier dei fleste at det gjer det ikkje, sjå tabell 7.

Tabell 7. Timetalet i musikk og kunst og handverk. Rektorar. Tal.

Overstig timetalet minstetimetallet?	Ja	Nei	I alt (N =)
Musikk	13	46	59
Kunst og handverk	12	48	60

Av tabell 7 ser vi at berre omlag 1 av 5 rektorar melder om fleire timar enn minstetimetallet nytta på musikk og kunst og handverk. I det store og det heile overstig altså ikkje timetalet i faga det fastsette minstetimetallet, noko som peiker i retning av at den fleksible timeressursen ikkje kjem kunstfaga til gode. (Her kunne vi sjølvstg også spurt rektorane om dei faktisk oppfyller minstetimetallet for kunstfaga. I denne samanhengen tar vi likevel utgangspunkt i at rektorane oppfyller lovpålagte krav om timetal, og fokuserer i staden for på dei lokale prioriteringane som kjem i tillegg til minstetimetallet på kvar skule).

Rektorane vart også spurde direkte om dei fleksible timane kom kunstfaga til gode, sjå svarfordelinga i tabell 8:


Tabell 8. Bruken av fleksible timar på skulane. Rektorar. Tal

	Ja	Nei	Ikkje relevant
Vert nokre av dei fleksible 5 % timar (1–10) nytta på kunstfag (N=60)	10	33	17
Vert nokre av dei fleksible timane (1–7) nytta på kunstfag? (N=58)	16	26	16

Ifølgje tabell 8 svarer 5 av 6 rektorar at dei omdisponerbare 5 % for 1–10 ikkje vert nytta på kunstfaga.. Dei fleksible timane på barnesteget som rektor kan disponere ser i litt større grad ut til å kome kunstfaga til gode. 16 rektorar, tilsvarande litt over ein tredel, seier at noko av denne potten går til kunstfaga.

Som del av kartlegginga av korleis kunstfaga vert organisert lokalt, vart lærarane også spurde om delingstimar i kunstfaga, sjå figur 7:

Figur 7. Delingstimar i kunstfaga. Lærarar. Tal og prosent.




Når det gjeld delingstimar ser vi i figur 7 vi at over halvparten av dei spurde musikklærarane (24) seier at dei ikkje har delingstimar. Det same gjelder omlag ein fjerdedel av kunst og handverkslærarane (17). Vi ser også at delingstimar så å seie ikkje finst på småsteget i musikk. Av dei som melder om delingstimar i begge fag, er desse nokså likt fordelt på mellom- og ungdomssteget. Det er altså fleire skular som har delingstimar i kunst og handverk enn det er som har delingstimar i musikk.

Oppsummert kan vi seie at det i liten grad vert nytta ekstra ressursar på kunstfaga i form av lokale omdisponeringar. Den fleksible potten på barnesteget vert i nokon grad nytta til kunstfag. Kunst og handverkfaget får i større grad delingstimar enn musikkfaget.

4.5.3 Undervisningslokale

Respondentane vart spurde om undervisningslokale. Rektorane fekk spørsmål om skulane hadde egne spesialrom til undervisninga. Svarfordelinga til rektorane går fram av figur 8:

Figur 8. Spezialrom til kunstfagundervisning. Rektorar. Tal og prosent.




Figur 8 viser at ifølgje rektorane har skulane i stor grad egne spesialrom til begge kunstfaga, men her kjem kunst og handverkfaget (52 skular / 87 % har spesialrom i kunst og handverk) betre ut enn musikkfaget (41 skular / 68 % har spesialrom i musikk). Omlag tre av ti skular har altså ikkje egne musikkrom, tilsvarande tal for kunst og handverk er berre omlag ein av ti.

Vi veit generelt at ein del av dei nyare skulane har vorte (om)bygde etter baseskuleprinsippet, der klassane held til på ein meir eller mindre open base og i tillegg kan nytte fleksible areal eller spesialrom til visse aktivitetar som er vanskelege å drive med i fellesrom på grunn av aktivitetsnivå og lyd. Ein kunne då tenkje seg at noko av kunstfagundervisninga også kunne gå føre seg i slike fleksible areal, men dette ser i liten grad ut til å stemme. For musikkfaget sin del ser det ut til at ein stor del av undervisninga ikkje skjer på spesialrom: 16 av rektorane, det vil seie om lag ein fjerdedel (26 %), svarer at musikkfaget skjer i klasserommet eller i basen. I førre avsnitt såg vi at musikkfaget i mindre grad enn kunst og handverk har delingstimar, og delingstimar så å seie ikkje finst på småsteget. Om vi ser dette i samanheng med kvar undervisninga føregår, så skulle dette tyde på at musikkfaget nokså ofte går føre seg i heilklasse (og særleg på småsteget) i klasserommet.

Innhaldet i læreplanen i begge fag legg opp til varierte aktivitetar som både kan krevje gruppearbeid og omfattande bruk av datamaskiner. Lærarane vart difor spurde om dei hadde tilgang til grupperom og datalab i undervisninga, sjå svarfordelingane i figur 9.

Figur 9. Tilgang til grupperom og datalab. Lærarar. Prosent.



I figur 9 ser vi at når det gjeld grupperom er svarea nokså like for både musikk- og kunst og handverkslærarar. Fire av ti lærarar har ikkje tilgang til grupperom i kunstfaga, og grupperom er særleg lite nytta på småsteget i begge faga. Dette kan antakeleg sjåast i samanheng med innhald. Vi veit frå tidlegare undersøkingar (Espeland, et al., 2013) at teikning/maling og song er vanlege aktivitetar på alle steg og særleg på småsteget, dette er også eit funn i denne undersøkinga (sjå avsnitt 4.5.9 og 4.5.10). I tillegg er dette aktivitetar som samanlikna med andre aktivitetar er lette å gjennomføre i heilklasse og på eitt rom. Desse aktivitetane krev difor ikkje nødvendigvis gruppedeling.

Datalab er lite nytta. Over halvparten av musikk- og kunst og handverkslærarane melder at elevane ikkje har tilgang til datalab i musikk- og kunstundervisninga (56 %), medan litt over ein tredel av kunst og handverkslærarane (35 %) svarer at elevane ikkje har slik tilgang. Datalab er like lite nytta på småsteget, under ein av fem kunstfaglærarane (om lag 16 % i begge faga) melder at elevane har tilgang til datalab i undervisninga på småsteget. Over småsteget er det til dels stor skilnad mellom faga. Kunst og handverkslærarane melder om større tilgang til datalab for elevane enn musikk- og kunstlærarane. Om lag tre av ti lærarar svarer at elevar har tilgang til datalab i kunst og handverk på mellom- og ungdomssteget, berre to av ti musikk- og kunstlærarar har det same.

Lærarane vart også bedne om å vurdere kvaliteten på lokale dei har til undervisning på skalaen 1–6 (1 = i svært liten grad, 6 = i svært stor grad), sjå tabell 9.

Tabell 9. Lokaler til kunstfagundervisning. Lærarar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.

I kva grad har din skule gode lokaler til:	Gjennomsnitt (1 = i svært liten grad / 6 = i svært stor grad)	N
Musikkundervisning?	3,7	44
Kunst og handverksundervisning?	4,1	62

Svarea, som er vist i tabell 9, viser at kunst og handverkslærarane er noko meir nøgde med lokala enn musikk- og kunstlærarane: Snittet for kunst og handverkslærarane er 4,1, for musikk- og kunstlærarane 3,7.

Oppsummert kan vi seie at dei fleste lærarane svarer at skulane dei arbeider på har spesialrom til kunstfagundervisning. Likevel går ein stor del av kunstfagundervisninga føre seg i klasserom/base, dette gjeld særleg for musikkfaget. Mange lærarar melder om liten tilgang til grupperom og datalab i kunstfagundervisninga, særleg på småsteget. Kunst og handverkfaget ser ut til å kome litt betre frå det med fleire spesialrom og betre tilgang på grupperom og datalab enn musikkfaget. Kunst og handverkslærarane er då også litt meir nøgde med dei romma dei har til disposisjon enn musikk- og kunstlærarane.

4.5.4 Organisering av undervisninga

Vi har spurt respondentane om korleis kunstfagundervisninga vert organisert på deira skular. Det aller vanlegaste for begge fag er at faget er timeplanlagt med timar kvar veke, sjå tabell 10.


Tabell 10. Organisering av kunstfagundervisning. Lærarar. Tal.

Musikk (N=44)	Ja	Nokre gonger	Nei	Ikkje relevant
Faget har timar på planen kvar veke	38	3	3	0
Undervisning går føre seg i bolkar	8	7	26	0
Undervisning går føre seg som del av tverrfagleg undervisning	4	22	17	0
Kunst og handverk (N=64)	Ja	Nokre gonger	Nei	Ikkje relevant
Faget har timar på planen kvar veke	60	2	0	1
Undervisning går føre seg i bolkar	4	13	41	2
Undervisning går føre seg som del av tverrfagleg undervisning	3	38	17	2

Av tabell 10 ser vi at timar kvar veke er det vanlegaste for begge fag. For musikkfaget gjeld dette i ni av ti tilfelle, for kunst og handverkfaget svarer så å seie alle at faget har timar på planen kvar veke. Bolkundervisning er lite nytta, men er litt vanlegare i musikk enn i kunst og handverk. Begge faga inngår sporadisk i tverrfagleg undervisning.


I det følgjande skal vi sjå på tala brotne ned på fag per steg, sjå figur 10 og 11.

Figur 10. Organisering av musikkundervisning. Musikkklærarar. Tal og prosent.



Figur 10 viser at ni av ti musikk lærarar i vår undersøking melder at musikkfaget har timar kvar veke på sin skule. Vi ser at bolkundervisning er noko brukt på mellom- og ungdomssteget, men seks av ti musikk lærarar underviser ikkje i bolk. Om lag halvparten av musikk lærarane seier at musikkundervisninga nokre gonger går tverrfagleg føre seg. Når desse tala vert brotne ned på steg ser vi, ikkje overraskande, at det er minst vanleg å arbeide tverrfagleg på ungdomssteget. Skulefagsundersøkingane (Espeland M. , et al., 2013; Vavik, et al., 2010) slår fast at spesialistane i stor grad kjem inn på ungdomssteget, medan klasselærarane (dvs. allmennlærarane) rår på dei lågare stega, og særleg på småsteget. Med tanke på at undervisninga i skulen ofte er tverrfagleg og heilskapleg organisert på småsteget og at faga trer tydelegare fram på mellomsteget, skulle ein difor vente at den tverrfaglege organiseringa var svært tydeleg på småsteget. Likevel, som det ser ut av stolpediagramma i figur 10, er den tverrfaglege organiseringa berre sporadisk, og like vanleg på mellomsteget som på småsteget i musikkfaget. Ei eventuell skeivheit i utvalet musikk lærarar kan ikkje forklare dette, ettersom vi ser det same i kunst og handverkfaget, sjå figur 11:

Figur 11. Organisering av kunst og handverksundervisning. Kunst og handverkslærarar. Tal og prosent.



For kunst og handverkfaget ser vi i figur 11 at også her går tverrfagleg undervisning føre seg berre i ny og ne. Meir enn seks av ti kunst og handverkslærarar melder at undervisning nokre gonger går tverrfagleg føre seg. Men som vi ser av desse tala brotne ned på steg i figur 11 over, er tverrfagleg undervisning vanleg på alle stega, men minst vanleg på småsteget. Det er mest vanleg med tverrfagleg undervisning på mellomsteget, og heller ikkje uvanleg på ungdomssteget.

Ei tolking av tala som gjeld tverrfagleg undervisning kan difor vere at musikk og kunst og handverk er involvert i tverrfaglege prosjekt både på mellom- og ungdomssteget, medan undervisning resten av året går føre seg kvar veke i eige fag. Ei anna tolking kan vere at det tverrfaglige arbeidet på småsteget er underrapportert. På mange barneskular er kunstfaga ikkje timeplanfesta, men inngår som ein del av den daglege "veven" der dei er integrerte med andre fag i ein heilskap. Undervisninga i desse faga kan difor allereie vere "tverrfagleggjort" som ein normaltstand, og dette kan vere ein årsak til at lærarane ikkje ser på undervisninga som tverrfagleg.


Oppsummert kan vi seie at undervisning kvar veke i faget er det vanlegaste for begge fag, og at svært få kunstfaglærarar underviser i bolk. Tverrfagleg undervisning er sporadisk og like vanleg eller vanlegare på mellom- og ungdomssteget enn på småsteget, noko som kan henge saman med bruken av tverrfagleg prosjekt lenger oppe i stega, eventuelt med ei underrapportering av den tverrfaglege organiseringa på småsteget.

4.5.5 Planlegging

Vi har spurt lærarane om korleis planlegging av faga går føre seg på deira skule. Svarfordelinga for kunst og handverkslærarar går fram av figur 12, og i figur 13 presenterer vi svarfordelinga til musikk lærarar.


Individuell planlegging er heilt klart det vanlegaste for begge fag, og særleg for kunst og handverkfaget, sjå figur 12.

Figur 12. Planlegging av kunst og handverksundervisning. Kunst og handverkslærarar. Prosent.



Figur 13 viser svara som gjeld planlegging av musikkfaget.


Figur 13. Planlegging av musikkundervisning. Musikk lærarar. Prosent



Som vi ser av figurane 12 og 13 er individuell planlegging er altså langt på veg normalen i begge fag. Om ein ser på tala brotne ned på steget, ser ein likevel nokre tendensar gjennom skuleløpet.

I figur 14 ser vi eit døme frå musikkfaget der svara er inndelt etter kva steg lærarane underviser på:

Figur 14. Planlegging av musikkundervisning fordelt på steg. Musikk lærarar. Prosent.



Av figur 14 over ser vi at for musikkfaget er individuell planlegging det mest vanlege på alle steg, og særleg på mellomsteget, der åtte av ti lærarar svarer at undervisninga vert planlagt av ein individuell lærar. Å planlegge i klasseteamet er vanlegast på småsteget, men klasseteamet er heilt borte frå planlegginga på ungdomssteget. På ungdomssteget har musikk lærartemaet teke over planlegginga. Bruk av fagteam i planlegginga aukar utover i skuleløpet, og på ungdomssteget melder åtte av ti lærarar at musikk lærartemaet er involvert i planlegging av undervisning.

Vi ser noko av dei same tendensane i svara frå kunst og handverkslærarane i tabell 11:

Tabell 11. Planlegging i kunst og handverksundervisning fordelt på steg. Kunst og handverkslærarar. Prosent

Planlegging i kunst og handverk	Småsteget	Mellomsteget	Ungdomssteget
Av individuell lærar	83 % Ja 17 % Nokre gonger	76 % Ja 18 % Nokre gonger	47 % Ja 32 % Nokre gonger
Av klasseteam	6 % Ja 39 % Nokre gonger	16 % Ja 32 % Nokre gonger	6 % Ja 15 % Nokre gonger
Av kunst og handverksteam	0 % Ja 24 % Nokre gonger	8 % Ja 28 % Nokre gonger	26 % Ja 38 % Nokre gonger


Av tabell 11 ser vi at planlegging i kunst og handverk er noko meir individuelt orientert enn i musikkfaget på dei lågare stega (83 % småsteget, 76 % mellomsteget, og 47 % ungdomssteget). I likskap med musikkfaget vert også klasseteamet avløyst av fagteamet utover i skuleløpet i kunst og handverkfaget.

Oppsummert kan vi seie at svara viser at planlegging i kunstfaga ofte vert gjort av ein individuell lærar. Klasse- setemaet er i nokon grad involvert i planlegginga på småsteget, medan fagtemaet i større grad er involvert på ungdomssteget. Desse funna er i tråd med *Kompetanseprofilundersøkingane* (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014; Lagerstrøm, 2007) og *Skulefagsundersøkingane* (Espeland M., et al., 2013; Vavik, et al., 2010), som peiker på at dei høgast kvalifiserte lærarane, det vil seie fagspesialistane, i stor grad finst på ungdomssteget, medan klasselæraren rår på dei lågare stega. Ein kan difor ikkje vente at planlegging i fagteam skal vere like utbreidd på dei lågare stega som på dei høgare.

4.5.6 Lokale læreplanar og årsplanar

Rektorane vart spurde om skulane hadde lokale læreplanar i kunstfag. Svara går fram av figur 15.


Figur 15. Lokale læreplanar i kunstfaga. Rektorar. Prosent.



Figur 15 viser at tala er nokså like både for musikk og kunst og handverk. For begge faga ser vi at lokale læreplanar er noko mindre vanleg på høgare steg. Det er altså noko færre som melder om å ha lokale læreplanar på ungdomssteget enn på lågare steg. Her skil resultatane i vår undersøking seg frå *Skulefagsundersøkinga 2011* (Grønsdal & Espeland, 2013), som viser at det særleg er på småsteget at lokale læreplanar manglar. Vi ser likevel at ein firedel av rektorane svarer at skulen deira ikkje har lokale læreplanar i kunstfag, noko som tyder at ingen av stega på skulen har slike planar i kunstfag. Ut frå tabellen forstår vi også at ein skule kan ha lokale læreplanar på eitt steg og ikkje på eit anna. Ei rimeleg tolking av figuren over er dermed at ganske mange skular gjennomgåande manglar lokale læreplanar i kunstfaga.

Lærarane vart spurde om dei hadde årsplanar i faga, og svarfordelinga går fram av figur 16:

Figur 16. Årsplanar i kunstfaga. Lærarar. Prosent.




I figur 16 ser vi eit noko anna bilete enn for dei lokale læreplanane. Her er det nokså få som seier at dei ikkje har årsplanar i faga (ein av ti musikk lærarar, og litt fleire kunst og handverkslærarar). Omlag halvparten av kunst og handverkslærarane har årsplanar på mellom- og ungdomssteget, litt færre på lågaste steg. Årsplanar er noko meir vanlege i musikkfaget, men biletet er elles stort sett det same for begge fag.

Oppsummert kan vi seie at ganske mange skular ser ut til å mangle lokale læreplanar i kunstfaga, medan fleir (men ikkje alle) har årsplanar i faga. Det er vanlegare å ha årsplanar i faga på mellom- og ungdomssteget enn på småsteget. Tidlegare studiar (sjå t.d. Garberg, 2014; Bilkås, 2013) har vist at planarbeidet i kunstfaga ser ut til å variere frå stad til stad, og at planarbeidet i kunstfaga difor ser ut til å vere mindre systematisk enn i andre, såkalla "sentrale skulefag". Våre funn for Hordaland støyr dette.

4.5.7 Skule-heim-kontakt i kunstfaga

For å vite noko om i kva grad kunstfaga vært synleggjorde for heimane, spurde vi lærarane om faga har eigne målformuleringar i vekeplanane til elevane, om elevane får lekser i faga, og om den kunstfaglege utviklinga til elevane vert teke opp med foreldra på utviklingssamtalar. Svara til lærarane vert presentert i figur 17:

Figur 17. Skule-heim-kontakt i kunstfaga. Lærarar. Prosent.



Ut frå figur 17 kan vi lese vi at med unnatak av fire lærarar (6 %) har alle kunst og handverkslærarane svart at elevane si faglege utvikling er tema på utviklingssamtalar. Ein av fem musikk lærarar svarer at musikk ikkje er eit tema på utviklingssamtalar. Vi ser også at seks av ti kunst og handverkslærarar ikkje gjev lekser i faget, medan tilsvarende tal for musikk er fem av ti. Halvparten av musikk lærarane seier at musikkfaget ikkje er representert med målformuleringar på vekeplanen, medan berre fire av ti kunst og handverkslærarar seier det same om sitt fag.

Oppsummert kan vi seie at skulane sin kontakt med heimen om kunstfaga ser ut til å vere varierende. Kunst og handverksfaget ser ut til å vere synlegare enn musikkfaget når det gjeld målformuleringar i elevane sine vekeplanar. Likeeins vert den kunst og handverkmessige utviklinga til elevane i større grad enn den musikalske teke opp som tema på utviklingssamtalar. Lekser i kunstfaga er ikkje vanleg, men elevane får oftare lekser i musikk enn i kunst og handverk. Svaret "nokre gonger" er likevel oftast vanlegare enn "ja" på desse spørsmål, så kontakten med heimen om det kunstfaglege ser ut til å vere sporadisk, og kanskje også tilfeldig. Desse svara ser ut til å stemme nokså bra med dei få undersøkingane som har teke opp skule-heim-kontakt, som viser at det ser ut til å vere tilfeldig om kunstfaga vert teke opp med foreldra på utviklingssamtalar (Holthe, Hallås, Styve, & Vindenes, 2013) og der det ser ut til å vere lite vanleg å gi lekser i kunstfaga, i det minste i musikkfaget (Grønsdal & Espeland, 2013).

4.5.8 Spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfaga

Vi har ikkje funne nokre undersøkingar som tar opp spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfag, så difor har vi inkludert spørsmål om dette i undersøkinga. Ifølgje *Opplæringslova*³⁵ har alle rett til grunnskuleopplæring i høve til eigne føresetnader og evner, noko som kan løysast på ulike måtar i grunnskulen. Tilpassa opplæring handlar om at elevane sine behov skal ivaretakast innafor fellesskapet i den ordinære undervisninga. Om ein elev ikkje har godt nok utbytte av vanleg undervisning, kan hen ha rett på spesialundervisning. Dette skjer etter sakkunnig vurdering og offentleg vedtak, og eleven vil då få undervisning som er individuelt tilpassa sitt behov. I så fall kan elevane ha eigne læringsmål som er annleis enn for andre elevar; dei kan ha ein såkalla *individuell opplæringsplan* (IOP). Elevane kan også nytte spesielt utstyr eller dei kan ha spesiell oppfølging av lærar eller assistent. Nokre elevar med rett på spesialundervisning kan få opplæring i såkalla "alternativ opplæringsarena". Då går opplæringa føre seg utanom den vanlege undervisninga (til dømes heime, i friluftsggruppe, gardsarbeid, bedrift osv.) dersom dette vert vurdert til å vere til det beste for eleven. Skulane kan også opprette dramagrupper, band, matlagingsgrupper, snikkarverkstad osv. på skulen.

Vi har bede rektorane dele informasjon om kunstfaga i ein spesialundervisningskontekst. Nærare bestemt har vi spurt om skulen gjev tilpassa opplæring og spesialundervisning i kunstfag, om elevar har kunstfag som del av sin individuelle opplæringsplan, og om kunstfaga er del av alternativ opplæringsarena på skulen. Svara frå rektorane ser slik ut, sjå tabell 12 :

Tabell 12. Spesialundervisning og tilpassa opplæring i kunstfaga. Rektorar. Tal og prosent.

	Ja	Nei	Ikkje relevant
Gjev skulen spesialundervisning i kunstfag? (N=60)	7 (12 %)	49 (82 %)	4 (7 %)
Gjev skulen tilpassa opplæring i kunstfag ? (N=60)	47 (78 %)	11 (18 %)	2 (3 %)
Har nokre av elevane på skulen kunstfag som del av sin IOP? (N=60)	15 (25 %)	42 (70 %)	3 (5 %)
Er kunstfag del av alternativ opplæringsarena? (N=60)	18 (30 %)	37 (62 %)	5 (8 %)

Den store majoriteten (åtte av ti rektorar) seier at dei ikkje har spesialpedagogiske tiltak retta mot kunstfagleg utvikling hos einskilde elevar. Ein like stor del seier at skulen gjev tilpassa opplæring i kunstfaga. Noko overraskande seier to av ti rektorar at skulen *ikkje* gjev tilpassa opplæring i kunstfag. Det er overraskande, fordi skulen har plikt til å gi tilpassa opplæring. Ei mogleg tolking er at det her er ulike forståing av tilpassa opplæring som slår inn. Ei smal forståing av tilpassa opplæring handlar om individuelle tiltak, medan ei vidare forståing av tilpassing kan handle om heile skulesystemet og måten dette systemet legg til rette for inkludering av og utvikling for alle (sjå t.d. St.meld 31, 2007–2008). Vi har difor valt å tolke rektorane sine svar velvillig, altså i den retning at dei ikkje har sett i verk spesielle tiltak for tilpassing på sin skule. Vi ser også at nokre skular faktisk gjev spesialundervisning i kunstfaga. Vi veit ikkje kva denne spesialundervisninga går ut på, men det kan til dømes dreie seg om elevar med ulike vanskar eller funksjonshemmingar som får særleg tilrettelagt kunstfagleg undervisning. Omlag ein firedel av rektorane at elevar har kunstfag som del av sin individuelle opplæringsplan, og omlag ein tredel av rektorane seier at kunstfag er del av alternativ opplæringsarena på deira skule.


Oppsummert kan vi seie at dei fleste skulane ikkje har spesialpedagogiske tiltak retta mot kunstfagleg utvikling hos einskilde elevar. Skulane oppgir stort sett at dei gjev tilpassa opplæring i kunstfaga. Kunstfaga er i nokon grad del av individuelle opplæringsplanar (IOP) til elevar, og i nokon grad del av alternativ opplæringsarena på skulane.

³⁵ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova): <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

4.5.9 Musikkfaget – utstyr og innhald

Alle lærarane vart bedne om å oppgje kva utstyr dei nytta i si eiga undervisning. Svara var spesifiserte i spørjeskjemaet i form av ei liste som dei kunne kryssa av. Utstyret for musikkfaget er lista nedst i figur 18 under, og svara er ordna i synkande rekkjefølgje etter den lys grå grafen som viser totalen. Vi har nytta prosent og grafar i denne framstillinga for å syne fram at det både er likskaper og ulikskaper mellom stega.

Figur 18. Utstyr nytta i musikkundervisninga. Musikk lærarar fordelt på steg. Prosent.



Om vi ser på musikkfaget under eitt (den lys grå grafen) i figur 18, er det piano, gitar, songanlegg, anna perkusjonsutstyr, fast/berbart datautstyr og trommer som totalt sett er mest nytta på tvers av stega, og som verkar å utgjere eit slags kjerneutstyr i musikkfaget. Det minst brukte utstyret i musikkromma i Hordaland ser ut til å vere blokkfløyte og ukulele³⁶.

Likevel ser vi på dei andre grafane (raud = småsteget, gul = mellomsteget, og mørk grå = ungdomssteget) at det er til dels stor skilnad mellom stega på visse typar utstyr. Til dømes vert Orff-instrument nytta av alle lærarane på dei to lågaste stega, medan berre seks av ti ungdomsskulelærarar nyttar dette utstyret. På ungdomssteget nyttar til gjengjeld ni av ti lærarar bandutstyr (slagverk, bass, gitar, keyboard/synthesizer), medan berre fire av ti lærarar på småsteget nyttar slikt utstyr.

Skilnadane mellom stega kan framstillast skjematisk i form av ein tabell som viser det vanlegaste utstyret fordelt på steg, sjå tabell 13. Rekkjefølgja er ordna med komma, der det vanlegaste står først. For å markere utstyr som er vekta likt har vi nytta skråstreik i tabellen:

³⁶ Ukulele er eit lite og rimeleg gitarinstrument med 4 strengar.


Tabell 13. Utstyr nytta i musikkundervisning. Musikk lærarar fordelt på steg.

Steg	Utstyr nytta i musikkundervisning
Småsteget	Orff-instrument, anna perkusjonsutstyr, piano, trommer, fast eller berbart datautstyr
Mellomsteget	Anna perkusjonsustyr, Orff-instrument/piano, gitar, fast eller berbart datautstyr
Ungdomssteget	Gitar, songanlegg/piano, og keyboard/slagverk/elgitar/elbass.

Kort oppsummert viser tabell 13 at utstyr som stør songaktivitetar (gitar, piano, datautstyr) er mykje nytta på alle steg. På små- og mellomsteget nyttar lærarane i stor grad Orff-instrument og anna perkusjonsustyr, medan bandinstrument og –utstyr tar over på ungdomssteget.

Måten utstyret vert nytta på stemmer godt med innhaldet lærarane oppgav som viktig i undervisninga. Lærarane vart presenterte for ei rekkje aktivitetar/innhald i musikkfaget henta frå gjeldande læreplan (K06). Dei vart deretter bedne om å vurdere kor viktige desse aktivitetane er i deira eiga undervisning på skalaen 1-6, der 6 er viktigast. Aktivitetane er ordna etter snittverdi i synkende rekkefølge etter den lys grå søyla (i alt). Figur 19 viser spreining i aktivitetar og innhald i musikkfaget på skulestega (raud = småsteg, gul = mellomsteg, mørk grå = ungdomssteget).

Figur 19. Aktivitetar og innhald i musikkundervisning. Musikk lærarar fordelt på steg. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



Som vi ser av figur 19 er dei mest vektlagde aktivitetane i musikkfaget ifølgje musikk lærarane desse: Å arbeide med puls og rytme (snitt 5,4), arbeide med framføringar (snitt 5,3), lære å spele akustiske instrument (snitt 4,9), lære eit songrepertoar (snitt 4,8), å lage egne komposisjonar (snitt 4,7) og lære å spele bandinstrument (snitt 4,7). Minst vektlagd er å lære musikkteori og notasjon (snitt 4,0) og å lære å nytte digitale musikkverktøy (snitt 4,0).

4,0). Også her ser vi at det er noko skilnader mellom vektleggingar på stega. Desse skilnadane kan vi framstilla skjematisk i ein tabell som viser det mest og minst vektlagde aktivitetar og innhald fordelt på steg, sjå tabell 14. Rekkefølga er som før ordna med komma, der det vanlegaste står først, og likt vekta aktivitetar og innhald er markerte med skråstrek.

Tabell 14. Vektlagde aktivitetar og innhald i musikkundervisninga. Musikk lærarar fordelt på steg.

Steg	Vektlagde aktivitetar og innhald i musikkundervisninga
Småsteget	Mest vektlagd: Puls og rytme / songrepertoar, framføringar, ostinat og melodiar på øyret / norske og internasjonale folkedansar. Minst vektlagd: Bandinstrument
Mellomsteget	Mest vektlagd: Puls og rytme / framføringar, songrepertoar, akustiske instrument, og eigne komposisjonar. Minst vektlagd: Verbalisere musikkuttrykk.
Ungdomssteget	Mest vektlagd: Puls og rytme / bandinstrument / akustiske instrument, framføringar, kjenne att instrument og epokar. Minst vektlagd: Ostinat og melodiar på øyret

Vi ser i tabell 14 at det går mykje i songar, dansar, puls/rytme og framføringar på småsteget, noko som står godt til det utstyret småstegslærarane melder at dei nyttar mest (piano, gitar, Orff-instrument, trommer, fast og berbart datautstyr (sjå også figur 18 og tabell 13). Vår tolking er dermed at utstyret (inkludert datautstyret) i stor grad vert nytta til å stø song- og danseaktivitetar i klasserommet og i framføringar.

Også på mellomsteget er puls, rytme og song viktige aktivitetar, men i tillegg kjem akustiske instrument og komponeringsarbeid. Ei mogleg tolking av desse resultatane er at elevar på mellomsteget i større grad sjølve kan spele og lage musikk, samt akkompagnere eigne songar og dansar både i klasserommet og i framføringar. Til dømes er det ikkje uvanleg med gitarkurs i musikkundervisninga på mellomsteget. Vi ser av svarea frå lærarane at framføringar også er vanleg på mellomsteget, noko vi også kan sjå i samanheng med resultatane som viste at det i musikkfaget var vanlegare med tverrfagleg undervisning på mellomsteget enn på småsteget. Til dømes kan ein då tenkje seg at musikkfaget på mellomsteget er del av tverrfaglege prosjekt og framføringar der elevane i stor grad sjølve både syng, spelar, lagar kulissar og kostymer, skriv tekstar, osv. Vi merkar oss elles at lærarsvarea frå musikkdelen av *Skulefagsundersøkinga 2011* (Grønsdal & Espeland, 2013) viser at mellomstegslærarane i musikk legg større vekt på alle aktivitetar enn småstegslærarane. Det er også ein tendens i denne kartlegginga at mellomstegslærarane legg større vekt på alle aktivitetar med unntak av songrepertoar, dansar og det å lære på øyret.


På ungdomssteget er også puls og rytme viktig, likeeins legg lærarane stor vekt på det å spele, både akustiske instrument og bandinstrument. Å arbeide med framføringar og musikkorientering vert også vektlagt. Om vi held dette saman med bruk av utstyr, der bandinstrument var mykje brukt, kan vi tolke dette som at populærmusikken står sterkt i ungdomsskolen. Noko uventa er difor at innlæring på øyret ikkje vert framheva som særleg viktig av lærarane. Dette er uventa fordi at utstyret og aktivitetane peiker i retning av populærmusikk, og frå populærmusikken veit ein at læring på øyret til vanleg er føretrekt av musikarar (Green, 2001). Det kan dermed sjå ut til at songtekstar, noter og tabulatur vert mykje brukt i arbeidet med populærmusikalsk innhald i skulane.

Oppsummert kan vi seie at song, arbeid med puls og rytme, og framføringar ser ut til å vere sentrale aktivitetar i musikkfaget, og utstyr som står slik aktivitet er mykje nytta. Elektriske instrument er mest vanleg på ungdomssteget. Lærarane ser ut til å legge størst vekt på utøvande aktivitetar og komponeringsaktivitetar, noko som høver godt med det utstyret lærarane oppjev at dei nyttar mest. Lytte- og refleksjonsdelen av faget er noko svakare. Svarea er likevel i tråd med den skildringa som vert gitt av musikkfaget i Ludvigsenutvalet sin rapport, der ein skriv at "De utøvande delene ved faget ser ut til å dominere over opplevelses- og kunnskapsdimensjonen av faget" (NOU, 2014:7, s. 89).

4.5.10 Kunst og handverkfaget – utstyr og innhald

Etter modell av musikkdelen av *Skulefagsundersøkinga 2011* (Grønsdal & Espeland, 2013) har vi også formulert spørsmål til kunst og handverkslærarane i Hordaland om kva utstyr dei nyttar og kva innhald dei legg vekt på. Vi har sett opp ei liste over typisk utstyr som kan nyttast i kunst og handverkfaget, og bede lærarane om å svare på om dei nyttar slikt utstyr eller ikkje. Utstyret er lista nedst i figur 20 under, og svara er ordna i synkende rekkjefølgje etter den lys grå grafen som viser snittet for alle svar. Også for kunst og handverkfaget har vi nytta prosent og grafar i denne framstillinga for å syne fram at det både er likskaper og ulikskaper mellom stega.

Figur 20. Utstyr nytta i kunst og handverksundervisning. Kunst og handverkslærarar, fordelt på steg. Prosent.



Om vi ser på faget under eitt (den lys grå grafen i figur 20) er det teikneutstyr, maleutstyr, symaskin med tilhøyrande utstyr, sløydutstyr, fast/berbart datautstyr, sløyd/høvelbenk og broderingsutstyr som totalt sett er mest nytta på tvers av stega, og som dermed verkar å utgjere eit slags kjerneutstyr i kunst og handverkfaget. Det minst brukte utstyret blant kunst og handverkslærarane er lysbord³⁷.

Utstyret som vert nytta er framstilt skjematisk i form av tabell 15 som viser det vanlegaste utstyret fordelt på steg. Rekkjefølgja er ordna med komma, der det vanlegaste står først. For å markere utstyr som er vekta likt har vi nytta skråsterk i tabellen.

Tabell 15. Utstyr nytta i kunst og handverksundervisning. Kunst og handverkslærarar fordelt på steg.

Steg	Utstyr nytta i kunst og handverksundervisning
Småsteget	Teikneutstyr/maleutstyr, broderingsutstyr, symaskinutstyr, fast eller berbart datautstyr
Mellomsteget	Teikneutstyr/maleutstyr, symaskinutstyr, sløydutstyr / sløyd- eller høvelbenk
Ungdomssteget	Teikneutstyr/maleutstyr, sløydutstyr / fast eller berbart datautstyr, symaskinutstyr / sløyd- eller høvelbenk

³⁷ Lysbord er ei glasplate som er lyssett frå baksida. Lysbord er særleg eigna til å studere detaljar i teikningar eller fotografi, eller som hjelp til å duplisere teikningar eller detaljar i teikningar.


Tabell 15 viser at det er mykje den same type utstyr som går igjen på stega, men med noko variasjon. Det mest nytta utstyret på alle steg er teikne- og maleutstyr. På småsteget nyttar lærarane i tillegg utstyr til tekstilaktivitetar (brodering og symaskin) og også fast eller berbart datautstyr. Ei tolking er at datautstyret truleg vert nytta som teikne- og maleutstyr, det vil seie at musa vert nytta som blyant/pensel, til dømes i aktivitetar som har med fargelegging og enkel biletbehandling å gjere.

På mellomsteget er sløydutstyr og høvelbenkar inne blant dei 5 vanlegaste utstyrstypene, altså ser det ut til at sløydaktivitetar no kjem inn i faget. På ungdomssteget nyttar ein same type utstyr, men no ser datautstyret til å vere noko viktigare igjen, noko som truleg har samanheng med at Kunnskapsløftet (K06) legg vekt på digitale sider av faget i ungdomsskulen, til dømes skal elevane i ulike samanhengar nytte digitalt utstyr og programvare.

Det er mindre skilnad i bruken av utstyr mellom skulestega i kunst og handverk enn i musikk. Likevel ser vi frå grafane i figur 20 at det er noko variasjon mellom stega når det gjeld utstyr. Det er særleg på eit par punkt at stega skil seg frå kvarandre, og det gjelder bruken av elektriske handverktøy og tove- og filteutstyr. Elektriske handverktøy vert berre nytta av omlag halvparten av lærarane på småsteget, medan åtte av ti lærarar nyttar utstyret på ungdomssteget. Tove- og filteutstyr er lite nytta på ungdomssteget (under halvparten av lærarane nyttar slikt utstyr), men er mykje vanlegare på småsteget og mellomsteget (nytta av omlag åtte av ti lærarar). Småsteget nyttar også i mindre grad enn dei to andre stega elektriske maskinar og grafikkutstyr, medan ungdomssteget i mindre grad enn dei andre stega nyttar læreverk.

Også etter modell frå musikkdelen av *Skulefagsundersøkinga 2011* (Grønsdal & Espeland, 2013) har vi bede kunst og handverkslærarane ta stilling til kor viktig ei rekkje aktivitetar / innhald frå Kunnskapsløftet (06) er i deira undervisning. Lærarane vart bedne om å vurdere kor viktige desse aktivitetane er i deira eiga undervisning på skalaen 1-6, der 6 er viktigast, sjå figur 21.

Figur 21. Aktivitetar og innhald i kunst og handverksundervisning. Kunst og handverkslærarar fordelt på steg. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



I figuren over er aktivitetane ordna etter snittverdi i synkende rekkefølge etter den lys grå søyla (i alt). Figuren viser også spreining på skulestega (raud = småsteget, gul = mellomsteget, mørk grå = ungdomssteget). Som vi ser av figuren er dei mest vektlagde aktivitetane i kunst og handverkfaget nokså like på tvers av stega: Å bruke verkty og reiskap (snittverdi 5,4), å arbeide variert med to- og tredimensjonale uttrykk (5,4), å lære om materiala sine eigenskapar (5,4), å lære å teikne og male (5,4), og arbeide med skissar og idéutvikling (5,3), og å arbeide med perspektivteikning (5,3). Minst vektlagd er det å arbeide med framføringar (4,2) og å lage dekorative arbeid knytt til årstider og hendingar som elevane kan få med seg heim (4,1).

Sjølv om vektleggingane er nokså like på stega, er det likevel noko variasjonar mellom stega. Denne variasjonen har vi framstilt skjematisk i tabell 16, som viser mest og minst vektlagde aktivitetar og innhald på stega. Rekkefølga er som tidlegare ordna med komma, der det vanlegaste står først. Likt vekta aktivitetar og innhald er også her markerte med skråstrek.

Tabell 16. Vektlagde aktivitetar og innhald i kunst og handverksundervisninga. Kunst og handverkslærarar fordelt på steg.

Steg	Vektlagde aktivitetar og innhald i kunst og handverksundervisning
Småsteget	Mest vektlagd: Teikne og male, arbeid med 2D- og 3D-uttrykk, lære om materialar sine eigenskapar, nytte verkty og reiskaper, lage dekorative arbeid knytt til årstider og hendingar. Minst vektlagd: Refleksjon om forbruk og berekraftig utvikling
Mellomsteget	Mest vektlagd: Arbeid med 2D- og 3D-uttrykk, nytte verkty og reiskaper / lære om materialar sine eigenskapar, teikne og male og perspektivteikning. Minst vektlagd: Kjenne igjen kunstnarar, arkitektar, designarar, stilartar og epokar .
Ungdoms-steget	Mest vektlagd: Nytt verkty og reiskaper, arbeide med skisser og idéutvikling, lære om materialar sine eigenskapar, arbeide med 2D- og 3D-uttrykk, og teikne og male Minst vektlagd: Lage dekorative arbeid knytt til årstider og hendingar.

Tabell 16 viser at sjølv om dekorative arbeid er nokså lite vektlagd totalt sett i kunst og handverkfaget, er det å lage dekorative og årstidsbaserte produkt (som til dømes nissar, englar, påskekyllingar osv.) ein av dei aktivitetane lærarane legg mest på på småsteget. På småsteget elles er teikning og maling den absolutt viktigaste aktiviteten, medan refleksjon omkring forbruk og berekraftig utvikling vart det minst viktige innhaldet (men likevel med ein verdi på småsteget på godt over 4). På mellomsteget kjem det, i tillegg til dei "vanlege" aktivitetane inn perspektivteikning som ein meir spesialisert teikneferdigheit. Det å kjenne igjen tidsepokar, stilartar og sentrale personar i faget vart vurdert som minst viktig på småsteget av alle dei aktivitetane og innhaldet som var med i undersøkinga, men hadde likevel ein snittverdi på godt over 4. På ungdomssteget kjem skissar og idéutvikling inn som ein av dei viktigaste aktivitetane, medan dekorative sesongprodukt skårar lågast med ein verdi ned mot 3.

Tala viser altså at snittet er jamt høgt for kunst og handverkslærarane i vurderinga av kor viktige aktivitetar er, også når det gjeld dei minst viktige aktivitetane på ulike steg. Vi ser også at det er nokså små skilnader mellom stega. Det største spriket mellom stega finn vi på dei to aktivitetane som totalt sett vart vurderte som "minst viktige" av alle lærarane – det å jobbe med framføringar (snittverdi 4,2) og det å lage dekorative sesongrelaterte produkt (snittverdi 4,1). Begge desse aktivitetane vert vurderte som klart mindre viktige av ungdomsskulelærarane enn av lærarane på små- og mellomsteget. For andre typar aktivitetar og innhald, er det svært små skilnader mellom stega. Våre funn er ikkje direkte samanliknbare med funna frå kunst og handverkdelen av *Skulefagsundersøkinga 2011* men ser likevel ut til å peike i ein noko annan retning. Funna frå *Skulefagsundersøkinga 2011* (Sømoe, 2013) viser at svara til kunst og handverkslærarane på barnesteget er nokså breitt orientert, noko som vert tolka som eit uttrykk for at ungdomsskulelærarane i større grad er fagspesialistar, medan barneskulelærarane er klasselærarar utan tydeleg spesialisering. Når det gjeld denne undersøkinga i Hordaland, må vi som før nemnt ta atterhald om at utvalet vårt er noko skeivt på den måten at lærarane i denne undersøkinga er betre kvalifiserte enn snittet i Hordaland og i Noreg, og at dei arbeider på høgare steg enn snittet elles i Hordaland. Likevel ser vi at svara frå kunst og handverkslærarane varierer lite med kva steg dei underviser på.


Oppsummert viser svara frå kunst og handverkslærarane at teikning, maling, tekstil og sløyd (med tilhøyrande utstyr) er stamma i faget gjennom heilt skuleløpet. Det ser ut til å vere større vekt på "mjuke aktivitetar" (toving og filting) og produksjon av dekorative og sesongbaserte arbeid på småsteget, medan elektriske verkty vert vanlegare lenger oppe i stega. Lærarane ser ut til å legge størst vekt på produksjonestetiske dimensjonar i faget: Materialane og produksjonen står i sentrum, medan det ser ut til å vere mindre vekt på refleksive og teoretiske sider ved faget. Om vi samanliknar svara frå kunst og handverkslærarar med svara frå musikk-lærarane i førre avsnitt, ser vi at det i kunst og handverk er lite sprik mellom stega når det gjeld bruk av utstyr og vurdering av aktivitetar. Vi ser også at kunst og handverkslærarane vurderer dei fleste aktivitetar i faget som noko meir viktige enn musikk-lærarane.

4.6 Samarbeid med eksterne aktørar

4.6.1 Haldningar til kunst- og kulturformidlingsprogrammet og kulturskulen

Rektorar og lærarar vart spurde om å ta stilling til ei rekkje utsegner om Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram for skulen (gjeld aktivitetar i regi av tidlegare Rikskonsertane og Den kulturelle skulesekken, no kalla *Kulturtanken*). Den gjennomsnittlige fordelinga av svara for dei ulike utsegnene går fram av figur 22.


Figur 22. Haldningar til Hordaland fylkeskommune sitt kunst og kulturformidlingsprogram i skulen. Alle respondentar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



Figur 22 viser at alle grupper av respondentar er svært positive til kunst- og kulturformidlingsprogrammet. Generelt ser vi at rektor er litt meir positivt innstilt enn lærarane, men det er stort sett små skilnader mellom lærarar og rektorar når det gjeld haldningar til samarbeidspartnarane og innhaldet i kunst- og kulturformidlingsprogrammet. Størst skilnad er det knytt til utsegna "Kunst- og kulturformidlingsprogrammet er uviktig på vår skule". Kunst og handverkslærarane er i større grad einige i denne utsegna (snittverdi 2,8) enn musikk-lærarane og rektorane (snittverdi 1,8). Alle tre gruppene er mest einige i utsegna "Kunst- og kulturformidlingsprogrammet gjev elevane gode kunst og kulturopplevingar" og minst einige i utsegna "Kunst- og kulturformidlingsprogrammet forstyrrer skulekvardagen". Alle tre gruppene er i stor grad einige om at kunst- og kulturformidlingsprogrammet skal bidra til å realisere skulen sine læringsmål.

Alle respondentane vart også bedne om å ta stilling til utsegner om samarbeidet med kulturskulane, sjå figur 23.

Figur 23. Haldningar til kulturskulen. Alle respondentar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



I figur 23 ser vi at respondentane også er positive til kulturskulen, men i litt mindre grad enn til kunst og kulturformidlingsprogrammet til fylkeskommunen. Alle tre grupper av respondentar er nokså einige i at kulturskulen er ein viktig samarbeidspartnar for skulen (snitt alle respondentar 4) og at kulturskulen bidreg til auka læringsutbytte i musikk og kunst og handverk (snitt alle respondentar 4,5). Av figuren over ser vi at musikkklærarane ser ut til å være litt mindre positive til kulturskulen enn dei andre respondentgruppene. Alle tre respondentgruppene er svært ueinige i at undervisning i kunstfaga bør flyttast til kulturskulen (snitt alle respondentar 1,4). Minst einige er kunst og handverkslærarane (snittverdi 1,2) deretter musikkklærarane (snittverdi 1,5) og så rektorane (snittverdi 1,6).

Når det gjeld utsegna om kulturskulane bør ta seg av kunstfagopplæringa, vart ei liknande utsegn framlagt for lærarrespondentane i *Skulefagsundersøkinga 2011*³⁸ (Espeland M. , et al., 2013). I både vår undersøking og i *Skulefagsundersøkinga* er respondentane universelt ueinige i dette: Snittverdien for lærarrespondentane i *Skulefagsundersøkinga* var 1,56 (Espeland M. , et al., 2013, s. 13), verdien for respondentane i denne undersøkinga (lærarar og rektorar) er ennå lågare med eit snitt på 1,4. Dette kan vi sjå i samanheng med respondentane si haldning til utsegna "Kunstfaga er ein del av elevane si allmenndanning" (sjå avsnitt 4.4). Respondentane var universelt svært einige i denne utsegna (snittverdi alle respondentar 5,8). Om ein meiner at kunstfaga er ein del av elevane si allmenndanning, vert det vanskeleg å meine at undervisningsansvaret for kunstfaga musikk og kunst og handverk skal flyttast til kulturskulen. Dette heng saman med grunnskulen er den staden ein treff alle elevar og dermed kan bidra til allmenndanninga for alle elevar. Kulturskulen, på andre sida, er eit betalt opplæringstilbod for mindre grupper av elevar, og har kjende utfordringar knytt til rekrutteringsgrunnlaget. Det er til dømes kjent frå forskinga at kulturskulen særleg rekrutterer frå middelklassen (Bjørnsen, 2012). Ein kan dermed vanskeleg både vere for at kunstfaga skal bidra til allmenndanninga og at undervisninga i desse faga skal flyttast ut av skulen.

4.6.2 Samarbeid med kulturelle opplæringsarenaer

I tillegg til spørsmål om haldningar vart respondentane også spurde om kva type samarbeid som faktisk hadde vore gjennomført det siste året.

³⁸ Den nøyaktige ordlyden i spørsmålet i Skulefagsundersøkinga 2011 var "Praktiske og estetiske fag bør overføres til kulturskolen" (Espeland et al, s. 13).

Rektorane vart spurde om kor ofte skulen har delteke i produksjonar frå kunst og kulturformidlingsprogrammet (Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane) anten på eller utanfor skulen. Dei aller fleste rektorane melder at skulen deira har delteke på 3-4 produksjonar siste året (26 rektorar, 43,3 %), nesten like mange (24 rektorar, 40 %) melder at skulen har delteke på fem eller fleire produksjonar siste året. Altså seier åtte av ti rektorar at skulen deira har delteke på meir enn tre produksjonar siste året. To rektorar seier at skulen ikkje har delteke i nokre produksjonar siste år. I undersøkinga *Spørsmål til Skole-Norge våren 2009* (Vibe, Evensen, & Hovdhaugen, 2009, s. 74) vart talet på skulesekkproduksjonar per skule undersøkt. Resultata viste at skulane i Hordaland totalt deltok i 6–17 produksjonar per år, med eit snitt på litt over 11 produksjonar. Desse tala om Den kulturelle skulesekken i Hordaland i 2009 let seg ikkje direkte samanlikne med våre tal, som også inkluderer produksjonar frå Rikskonsertane. Svaralternativa var også ulike i dei to undersøkingane. Sidan vårt spørsmål også inkluderer Rikskonsertane i tillegg til Den kulturelle skulesekken, skulle ein tru at våre tal burde vore høgare. Likevel ser det ut til at rektorane i Hordaland denne gongen, i 2016, rapporterer om langt færre gjennomførte tiltak. Om dette er reelt er det vanskeleg for oss å vurdere. Med mindre rektorane sjølve fungerer som kulturkontaktar på skulen er det ikkje sikkert at dei har oversikta over alle produksjonar på skulen, og difor underrapporter. Avviket kan slik på den eine sida skuldast at skulane si deltaking i kunst og kulturproduksjonar faktisk har gått ned, på den andre sida kan utvalet spele inn på svara.

Alle tre grupper med respondentar vart spurde om samarbeid med ulike kulturelle opplæringsarenaer det siste året. Lærarane vart spurde om personleg samarbeid, medan rektor vart spurt om skulen sitt samarbeid. Rektor sine svar omfatter kjennskapen til alt samarbeid som ulike lærarar på skulen har hatt med andre aktørar. Svarfordelinga går fram av tabell 1.

Tabell 17. Samarbeid med kulturelle opplæringsarenaer. Lærarar. Tal ja-svar. Respondentane kunne velje fleire svaralternativ

Samarbeid med kulturelle opplæringsarenaer det siste året	Musikklærer	Kunst og handverk-lærer	Rektor
Kunstmuseum	-	27	43 ³⁹
Kunstnar sin atelier/verkstad	-	13	
Korps	12	-	25
Kor	6	-	11
Kulturskule	15	16	30
Den kulturelle skulesekken	23	29	-40
Andre	5	2	

Vi ser i tabell 17 at om lag halvparten av musikklærarane har samarbeidd med Den kulturelle skulesekken i løpet av det siste året. Det er også ein relativt stor del som har samarbeidd med kulturskulen (ein tredel) og korps (tre av ti). Det er færrast som har samarbeidd med kor (tre av ti). Blant kunst og handverkslærarane er det flest som har samarbeidd med kunstmuseum det siste året (nærare halvparten), om lag ein fjerdedel har samarbeidd med kulturskulen og litt færre (ein av fem) med kunstnar sin atelier/verkstad.

Om vi ser på rektor sine svar, det vil seie på skulen under eitt, ser det ut til at det er nokså vanleg at skulane gjennom det siste året har hatt nærkontakt med Den kulturelle skulesekken, kulturskule og korps, medan kontakt med kor er mindre vanleg. Nokre av lærarar svarte at dei hadde samarbeidd med andre aktørar, og oppgav desse andre til å vere t.d. kulturkontor, festivalar, privatpersonar, lokale kuratorar / samlingar og Rikskonsertane.

Ein definisjon på "samarbeid" var ikkje spesifisert i spørsmålet, så vi vet ikkje nøyaktig kva lærarane har lagt i dette omgrepet når dei har svart. Det er nærliggande å tru at "samarbeid" vert tolka som noko meir enn ei tradisjonelt passiv publikums- eller tilskodarrolle. Ein kan dermed tenkje seg at "samarbeid" viser til at lærarar og

³⁹ I spørsmål til rektor vart desse to kategoriane slått saman.

⁴⁰ Rektorane sine svar om Den kulturelle skulesekken er skilt ut og teke opp for seg lenger oppe i dette avsnittet. Rikskonsertane var berre med i spørsmål til rektorane. Lærarane vart som gruppe ikkje spurde om samarbeid med Rikskonsertane av di dette ikkje er særleg aktuelt for kunst og handverkslærane.

elevar har vore i ein eller anna form for dialog eller samhandling med kunstnar/kulturarbeidar omkring produksjonane. Dette er likevel vanskeleg å seie sikkert.

Oppsummert kan vi seie at respondentane viser jamnt over svært positive haldningar til å samarbeide både med kunst- og kulturformidlingsprogrammet til fylkeskommunen og med kulturskulen. Rektorane er noko meir positive enn lærarane. Når det gjeld faktisk samarbeid med ekstern aktørar har åtte av ti skular har delteke på meir enn tre produksjonar frå kunst- og kulturformidlingsprogrammet siste året. Svara viser at lærarane samarbeider meist med Den kulturelle skulesekken, kulturskulen, og kunstmuseum.

5 Utfordringar

I denne rapporten har vi så langt gjort greie for spørjeundersøkinga gjort på oppdrag frå Samspel Hordaland. Funna er analyserte og sett i samband med anna kartlegging og forskning på feltet. Spørjeundersøkinga har slik, i høve til mandatet, gjeve eit oversyn over korleis kunstfaga i grunnskulen i Hordaland er prioriterte og organiserte. Ifølgje mandatet skulle undersøkinga også peike på *kva som kan vere utfordringane med tanke på å gi elevar i Hordaland den kunstfaglege opplæringa dei har rett på*.

Alle elevar, også elevane i Hordaland, har rett på eit visst antal musikk- og kunst og handverktimar i løpet av grunnskuleopplæringa. Timetal i skulen er regulert i forskrifter. Skulane er vidare under tilsyn og må rapportere vidare om ressursbruken sin. Vi har difor teke som utgangspunkt at elevane får dei timane dei skal ha. Vi har ikkje bede rektorane om å rapportere kor mange timar og dagar som *faktisk* vert nytta til kunstfagundervisning, og kor mykje som til dømes går vekk i planleggingsdagar. Vi har heller ikkje spurt om korleis skulen ved eventuell tverrfagleg organisering av undervisninga syter for at minstetimetall vert dekkja i alle fag. Dette er spørsmål som ei kvalitativ undersøking vil vere betre eigna til å svare på og diskutere.

Elevar har rett på tilpassa opplæring i alle fag i følgje forskriftane. Ut frå dei svara vi har fått kan vi til ei viss grad anta at mange elevar får tilpassa opplæring. Likevel er resultatet av spørjeundersøkinga noko uklar på dette punktet. Tilpassa opplæring vert sytt for i ordinær undervisning av lærarane. Når nokre få rektorar svarer at skulen deira *ikkje* gjev tilpassa opplæring i kunstfag, er dette eit oppsiktsvekkande svar som vi ikkje heilt veit korleis vi skal tolke. Det kan tenkast at rektorane meiner at alle elevar får same undervisning i kunstfag og at det ikkje er tilpassa opplæring. Det kan også tenkjast at rektorane har misforstått spørsmålet, og tolka spørsmålet slik at det handlar om spesialundervisning.

Når det gjeld spørsmålet om elevane i Hordaland får den kunstfaglege opplæringa dei har rett på er det difor vanskeleg å konkludere heilt sikkert. Med atterhald om at vi ikkje har kontrollert timetalet nytta til kunstfag på kvar skule, at svar om tilpassa opplæring er uklare, og med atterhald om positiv bias (det vil seie at det er dei mest interesserte skulane, og kanskje også dei skulane med best kunstfagleg tilbod som har delteke i undersøkinga), har vi valt å tolke resultatata slik at elevane i Hordaland truleg, formelt sett og stort sett, får den kunstfaglege opplæringa dei har rett på. Svara i undersøkinga tyder på at det elevane ikkje har uttrykkeleg rett på får dei kan hende heller ikkje. Elevane har til dømes ikkje rett på lokale læreplanar i kunstfag, og mange skular har heller ikkje dette. Det er ikkje kompetansekrav til lærarar i musikk og kunst og handverk, så ikkje alle elevar får kvalifiserte lærarar i faga.

Konklusjonen er altså at elevane truleg får om lag det dei har krav på i kunstfagopplæringa i grunnskulane i Hordaland, sjølv om vi ikkje kan seie dette heilt sikkert. Men om vi samanliknar kunstfaga med andre, såkalla "sentrale skulefag" ser ambisjonsnivået for kunstfaga ut til å vere lågt. Ein casestudie av kunstfagundervisninga ved norske og svenske skular (Christophersen & Ferm-Thorgersen, 2015) kan tyde på at kunstfaga ikkje ser ut til å trenge særbehandling for å blomstre. Tvert om ser det ut til at om kunstfaga får same status og behandling som andre fag (til dømes ved å ha kvalifiserte lærarar, tilstrekkeleg tid, lokale og utstyr, og ei systematisk tilnærming til planarbeidet) så kan kunstfaga vere likeverdige med andre fag i skulekvardagen. Men om dette skal skje i skulane i Hordaland, tyder våre funn på at skuleeigarar og skuleleiarar må sjå utover det elevane har rett på som eit minimum i kunstfaga.

For å seie noko om utfordringar i kunstfagopplæringa utover kva som er minimum, vil vi difor utvide perspektivet og spørje kva utfordringar vi ser med tanke på å gi elevane ei opplæring i kunstfaga musikk og kunst og handverk som er likeverdig med opplæringa i andre fag. Vi vil i det følgjande fokusere på tilhøve knytt til planarbeid, lærar-kompetanse og rammefaktorar.

Det ser generelt ut til å vere utfordringar knytt til planarbeid, ettersom fleire skular manglar planar for kunstfaga. Læreplanar er del av eit hierarki. Øvst i hierarkiet er den nasjonale læreplanen, som i skrivande stund er K06, eller *Kunnskapsløftet*⁴¹ (Udir, 2006). Lokale læreplanar er ei lokal tolking og konkretisering av den nasjonale læreplanen, der til dømes den einskilde skulen fordeler innhald og mål frå den nasjonale læreplanen utover på skulesteg og klassesteg. Utarbeiding av ein lokal læreplan er typisk ein del av planarbeidet der heile personalet

⁴¹ Nye læreplanar er under utarbeiding og kjem i 2019.

eller større fagteam vert involverte. Under der igjen kjem årsplanar, som er den einskilde lærar eller klasse/fagteam si konkretisering, og der faglege arbeidsoppgåver og mål vert spreidd utover året for kvart klassesteg. Under der att kan ein ha periodeplanar eller vekeplanar som viser meir konkret kva faglege tema elevane og lærarar skal jobbe med til ulike tider i året. Planarbeid kan slik vere svært viktig for å skape samanheng og progresjon i det faglege arbeidet. Om eitt nivå i planhierarkiet forsvinn, kan dette få konsekvensar for ei systematisk planlegging og progresjon i faget.

Vår undersøking (sjå figurane 15 og 16) viser at fleire skular i Hordaland manglar eitt eller fleire nivå i planarbeidet. Til dømes har fleire skular årsplanar enn lokale læreplanar, og ein del skular har heller ikkje årsplanar. Dette tyder på at mange lærarar i Hordaland manglar støtte i planar når innhaldet i undervisninga skal konkretiserast og formast. Dermed er ansvaret for innhald og progresjon i mange høve opp til den einskilde læraren, for som vi tidlegare har sett (sjå figurane 12 og 13) er det hen som i stor grad står for planlegging av undervisninga på alle steg. Det er dermed også nærliggande å slutte at lærarane sin personlege kompetanse kan vere utslagsgjevande for kva undervisning elevane får. Dette har også kome fram i tidlegare undersøkingar, som til dømes *Skulefagsundersøkinga 2011* (Espeland M. , et al., 2013).

Når det gjeld kompetanse er respondentane i denne undersøkinga tilsynelatande høgt kvalifiserte samanlikna med andre undersøkingar (sjå figur 3). Det er likevel ikkje grunn til å legge avgjerande vekt på dette, ettersom utvalet i denne undersøkinga etter alt å døme er skeivt (sjå kapittel 3). Om vi legg tala frå den nyaste kompetanseprofilundersøkinga til grunn (Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014), er den samla kompetansen for kunstfaglærarar i Hordaland låg: 43 % av dei som underviser i kunst og handverk i Hordaland har 0 (null) studiepoeng i faget, tilsvarande tal for musikk er 34 %. Berre 24 % av kunst og handverkslærarane har meir enn 60 studiepoeng i faget, tilsvarande for musikk er 33 %. Det er altså mange elevane i Hordaland som får undervisning i musikk og kunst og handverk av lærarar med låg eller ingen kompetanse i faget.

Tidlegare undersøkingar (sjå Lagerstrøm, Moafi, & Revold, 2014; Lagerstrøm, 2007) viser at utdanningsnivået på kunstfaglærarane i Hordaland er meir eller mindre uendra mellom 2005 og 2014, for kunst og handverk ser det til og med ut til å ha vore ein liten nedgang i studiepoeng i perioden. Det er ikkje grunn til å tru at lærarkompetansen i Hordaland har gjort eit hopp dei siste par åra etter 2014, særleg sidan resultat frå vår undersøking i 2016 så vel som andre undersøkingar eintydig seier at kunstfaglærarar systematisk ikkje deltar i kompetansehevinge tiltak (sjå kapittel 2 og tabell 5). Vår undersøking viser også at lærarane i varierende grad deltek i vidareutdanning, samtidig som mange signaliserer at dei treng fagleg påfyll. Skuleleiarane svarer at skuleeigar ikkje prioriterer kompetanseheving i kunstfaga, og lærarane seier at dei ikkje opplever at arbeidsgjevar legg til rette for at dei kan få fagleg påfyll. På dette spørsmålet var spørsmålsformuleringa i spørjeskjemaet noko uklar, så vi veit ikkje om lærarane forstår arbeidsgjevar som rektor eller som kommunen. Utfallet er likevel det same: Det ser ikkje ut til at kunstfaglærarane får tilgang til korkje kompetanseheving eller fagleg oppdatering.

Når det gjeld rammefaktorar, i denne samanhengen avgrensa til undervisningsrom og ressursbruk, har vi sett i denne undersøkinga at dei færreste skulane nyttar meir enn minstetimetallet på kunstfaga. Vi har også sett at fleksible timeressursar i liten grad kjem kunstfaga til gode, og at det er lite bruk av delingstimar i kunstfaga (særleg på småsteget). Mange har tilgang til spesialrom, men likevel skjer ein del av undervisninga i kunstfaga i klasserom/base. Lærarane er passeleg nøgde med kvaliteten på undervisningslokala, men mange har ikkje tilgang til datalab og grupperom i kunstfagundervisninga. Her er det verd å merke seg at musikkfaget har dårlegare kår enn kunst og handverkfaget både når det gjeld delingstimar og undervisningslokale.

Oppsummert kan vi seie at det er få ting elevar har rett på når det gjeld kunstfag. Dei har rett på eit visst timetal i kunst og handverk og i musikk, og dei har rett på tilpassa opplæring i alle fag. Vår konklusjon er at elevar i Hordaland truleg stort sett får det fastsette timetalet i kunstfagopplæringa. Det ser ut til å vera ulike tolkingar av "tilpassa opplæring" hos rektorane, noko som gjer det vanskelege å tolke svara deira. Det er difor vanskeleg å konkludere endeleg med at elevane får den tilpassa opplæringa dei har krav på.

Undersøkinga viser elles nokre hovudutfordringar med tanke på å gi elevane ei opplæring i kunstfaga musikk og kunst og handverk som er likeverdig med opplæringa i andre fag:

1. Mange skular ser ut til å mangle lokale læreplanar og/eller årsplanar i kunstfaga. Dette kan få konsekvensar for systematisk planlegging og progresjon i faget, ettersom ansvaret for innhald og progresjon i faga i mange tilfelle då vert opp til den einskilde læraren.
2. Mange elevar i Hordaland får undervisning i musikk og kunst og handverk av lærarar med låg eller ingen kompetanse i faga, og lærarane får systematisk ikkje tilført kompetanse eller oppdatering i form av etter- og vidareutdanning.
3. Fleksible ressursar kjem i liten grad kunstfaga til gode, til dømes i form av ekstra tid, delingstimar osv. Ein god del av undervisninga skjer også utanfor spesialromma. Musikkfaget ser ut til å ha dårlegare vilkår enn kunst og handverkfaget når det gjeld rammefaktorane undervisningsrom og ressursbruk.

Lærarar og rektorar, og kanskje særleg rektorane, viser på trass av dette svært positive haldningar til kunstfaga, og stor tiltru til kva kunstfagundervisninga kan gjere både for elevane og for skulen. Likevel har vi sett at få skular satsar på kunstfag og nyttar lite ekstra ressursar på desse faga. Vi ser også at når haldningsspørsmåla inkluderer ei utsegn som impliserer ei tenkt handling eller endring (slik som at kunstfaga skulle hatt større tid på timeplanen), synk tilslutninga til utsegna. Undersøkinga vår støttar slik det som andre før har hevda, at "there is a gulf between the 'lip service' given to arts education and the provision provided within schools" (Bamford, 2006, s. 11), eller kort sagt: Det er lettare å snakke om det enn å gjere noko med det.

Det er politiske signal som tyder på at det er endringar på gong nasjonalt. Det regjeringsoppnemnte Ludvigsenutvalet staka ut kursen for omleggingar i skulen med dei to offentlege utreiingane *Elevenes læring i fremtidens skole* (NOU, 2014:7) og *Fremtidens skole* (NOU 2015:8). Utvalet tar utgangspunkt i såkalla "kompetansar for det 21. hundreåret"⁴² og utvider kompetanseomgrepet til også å omfatte breie og fagovergripande kompetansar, som til dømes kreativitet, kritisk tenking og kulturell kompetanse. Utvalet slår fast at eit breitt kompetansesyn er naudsynt for å ruste elevar og samfunn for utfordringar i framtida, og difor må både kognitive, praktiske, sosiale og emosjonelle sider ved læring vektleggast i framtidas skule. Med referanse til arbeidslivet og naudsynte kompetansar i det framtidige samfunnet, meiner utvalet at praktiske og estetiske fag skal vidareførast og styrkast i skulen (NOU 2015:8, s. 53).

I stortingsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet, *Fag – Fordypning – Forståelse* (Meld.St. 28, 2015–2016), vert Ludvigsenutvalet sine anbefalingar gjennomgått og diskuterte. Meldinga viser fleire stader til ei generell og gjengs uro for dei praktiske og estetiske faga i skulen,⁴³ men slår fast at faga har ein naturleg plass i skulen:

"Disse fagene er en sentral og naturlig del av skolen. (...) Det er et bredt spekter av yrker og kompetanser som er etterspurt i arbeidslivet som kan sies å få sin spede start i arbeidet med ulike materialer og instrumenter i skolen. Det kreves spesiell fagkunnskap hos lærere i disse fagene, og det bør legges til rette med spesialrom, verksteder og utstyr" (Meld.St. 28, 2015–2016, s. 48).

⁴² Utvalet spesifiserer ti slike kompetansar for det 21. hundreåret: Fagkompetanse, IKT-kompetanse, kommunikasjon og samarbeid, kreativitet og innovasjon, kritisk tenking og problemløysing, metakognisjon og lære å lære, personleg og sosialt ansvar – etisk og emosjonell bevisstheit, kulturell bevisstheit og kompetanse, liv og karriere/jobbkompetanse og lokalt og globalt borgarskap (NOU 2014:7, s. 116).

⁴³ "Praktiske og estetiske fag" er eit samleomgrep for kroppsøving, mat og helse, kunst og handverk og musikk.

I meldinga vert det sagt at departementet vil vurdere praktiske og estetiske fag som trekkfag til munnleg eksamen i 10. klasse, ein vil vurdere ei todeling av kunst og handverkfaget for å styrke den praktiske sida av faget, ein vil også vurdere kompetansekrav i praktiske og estetiske fag.

Arbeidet med å fornye læreplanverket for grunnopplæringa er no i gang fram mot nye læreplanar i 2019. Då vil det vise seg kor mange av desse tiltaka som faktisk vil verte gjennomførte. Dei politiske dokumenta frå siste år signaliserer altså uansett eit skifte i haldningane til dei estetiske faga i skulen frå nasjonalt hald som gjev grunnlag for ein forsiktig optimisme med tanke på å betre kåra for kunstfaga i grunnskulen, også i Hordaland

6 Referansar

- Bamford, A. (2006). *The Wow Factor: Global Compendium on the Impact of the Arts in Education*. Berlin: Waxmann Münster.
- Bilkås, T. H. (2013). *Lokalt læreplanarbeid i musikk etter Kunnskapsløftet: Frå nasjonalt dokument til lokal fagplan*. Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for musikkvitenskap.
- Bjørnsen, E. (2012). *Inkluderende kulturskole: Utredning av kulturskoletilbudet i storbyene. Prosjektrapport 5/2012*. Kristiansand: Agderforskning.
- Caspersen, J., Aamodt, P. O., Vibe, N., & Carlsten, T. C. (2014). *Kompetanse og praksis blant norske lærere. Resultater fra TALIS-undersøkelsen i 2013. Rapport 41/2014*. Oslo: NIFU.
- Christophersen, C., & Ferm-Thorgersen, C. (2015). "I think the arts are as prominent as any subject": A study of arts education in Scandinavian schools. *InFormation Nordic Journal of Art and Research*, 4(1).
- Danielsen, I.-J., Skaar, K., & Skaalvik, E. M. (2007). *Elevundersøkelsen 2007*. Kristiansand: Oxford Research.
- Ekspertgruppa for kunst og kultur i opplæringen. (2014). *Det muliges kunst: Råd til kulturministeren og kunnskapsministeren*. Oslo: Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet.
- Espeland, M., Allern, T.-H., Carlsen, K., & Kalsnes, S. (2011). *Praktiske og estetiske fag og lærerutdanning. En utredning fra en arbeidsgruppe nedsatt av Kunnskapsdepartementet høsten 2010, i samarbeid med høgskolene i Nesna, Telemark og Stord/Haugesund*. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.
- Espeland, M., Arnesen, T. E., Grønndal, I. A., Holthe, A., Sømoe, K., Wergedahl, H., & Aadland, H. (2013). *Skolefagsundersøkelsen 2011: Praktiske og estetiske fag på barnesteget i norsk grunnskule*. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.
- Espeland, M., & Arnesen, I. G. (2010). Skolefagsundersøkelsen 2009: Fagrapport musikk. I L. Vavik, S. Andersland, T. E. Arnesen, T. Arnesen, M. Espeland, I. G. Flatøy, G. A. Tuset, *Skolefagsundersøkelsen 2009: Utdanning skolefag og teknologi*. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.
- Fullan, M. (2007). *Leading in a Culture of Change*. San Francisco: Jossey Bass.
- Fullan, M. (2014). *The Principal: Three Keys to Maximizing Impact*. San Francisco: Jossey Bass.
- Garberg, M. (2014). *Planer - hva og hvorfor? En undersøkelse av innholdet i de lokale læreplanene i Kunst og håndverksfaget på barneskolens mellomsteget*. Fakultet for teknologi, kunst og design, Institutt for estetiske fag. Oslo: Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Gjerustad, C., & Lødding, B. (2014). *Deltakerundersøkelsen 2014. Rapport 36/2014*. Oslo: NIFU.
- Gjerustad, C., & Salvanes, K.G. (2015). *Deltakerundersøkelsen 2015. Rapport 26/2015*. Oslo: NIFU.
- Gjerustad, C., & Waagene, E. (2015). *Spørsmål til Skole-Norge våren 2015*. Oslo: NIFU.
- Gran, A.-B. (2008). *Skolelederundersøkelsen 2008*. Perduco Kultur.
- Grønndal, I. A., & Espeland, M. (2013). Musikkfaget på barnesteget - eit redusert musikkfag? . I M. Espeland, A. T. Egil, I. A. Grønndal, A. Holthe, K. Sømoe, H. Wergedahl, & H. Aadland, *Skolefagsundersøkelsen 2011: Praktiske og estetiske fag på barnesteget i norsk grunnskule* (ss. 127–163). Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.
- Green, L. (2001). *How Popular Musicians Learn: A Way Ahead for Music Education*. Farnham: Ashgate.
- Hargreaves, A., & Shirley, D. (2009). *The Fourth Way*. Thousand Oaks: Corwin.
- Hellevik, O. (2002). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holthe, A., Hallås, O., Styve, E. T., & Vindenes, N. (2013). Rammefaktorenes betydning for tilretteleggingen av opplæringen i de praktisk-estetiske fagene. *Acta Didactica*, 7(1), s. 19.

- KUD & KUF. (1995). *Broen og den blå hesten: Handlingsplanen for dei estetiske faga og kulturdimensjonen i grunnskolen*. Oslo: Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2008). *St.meld. 31 Kvalitet i skolen (2007–2008)*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceinstitusjon.
- Kunnskapsdepartementet. (2016). *Meld.St. 28. Fag - Fordypning - Forståelse: En fornyelse av Kunnskapsløftet (2015–2016)*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceinstitusjon.
- Lagerstrøm, B. O. (2000). *Kompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 1999/2000. SSB-rapport 2000/72*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Lagerstrøm, B. O. (2007). *Kompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 2005/2006. SSB-rapport 2007/21*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Lagerstrøm, B. O., Moafi, H., & Revold, M. K. (2014). *Kompetanseprofil i grunnskolen. Hovedresultater 2013/2014. SSB-rapport 2014/30*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- NOU (2013:4). *Kulturutredningen 2014*. Oslo: Kulturdepartementet.
- NOU (2014:7). *Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag*. Oslo: Deprtementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon. Informasjonsforvaltning.
- NOU (2015:8). *Fremtidens skole: Fornyelse av fag og kompetanser*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon.
- Rambøll (2013). *Sammenfatning av skoleeieres rapportering om midler brukt til etter- og videreutdanning 2012*. Rambøll Management.
- Sømoe, K. (2010). Skolefagsundersøkelsen 2009: Fagrapport kunst og håndverk. I L. Vavik, S. Andersland, T. E. Arnesen, T. Arnesen, M. Esåland, I. G. Flatøy, . . . G. A. Tuset, *Skolefagsundersøkelsen 2009: Utdanning, skolefag, teknologi*. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.
- Sømoe, K. (2013). Kunst og håndverk i barneskolen - et fag i oppløsning?. I M. Espeland, T. E. Arnesen, O. A. Grønsdal, A. Holthe, K. Sømoe, H. Wergedahl, & H. Aadland, *Skolefagsundersøkelsen 2011: Praktiske og estetiske fag på barnesteget i norsk grunnskule*. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.
- SSB (2016). *Nøkkeltall for utdanning*. Hentet 08 05, 2016 fra Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/utdanning/nokkeltall/utdanning>
- Stake, R., Bresler, L., & Mabry, L. (1991). *Custom and Cherishing: The Arts in Elementary Schools*. Urbana: University of Illinois Urbana-Champaign.
- Udir (2006). *Kunnskapsløftet*. Hentet 10 16, 2016 fra Læreplanverket: <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>
- Udir (2016). *Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet. Vedlegg 1 om bestemmelser for grunnopplæringen, om grunnskolen og videregående opplæring*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Vavik, L., Andersland, S., Arnesen, T. E., Arnesen, T., Espeland, M. F., Grønsdal, I., . . . Tuset, G. A. (2010). *Skolefagsundersøkelsen: Utdanning, skolefag, teknologi*. Stord: Høgskolen Stord Haugesund.
- Vibe, N., & Hovdhaugen, E. (2012). *Spørsmål til Skole-Norge høsten 2012*. Oslo: NIFU.
- Vibe, N., & Sandberg, N. (2010). *Spørsmål til Skole-Norge våren 2010 Resultater og analyser fra Utdanningsdirektoratets spørreundersøkelse blant skoler og skoleeiere*. NIFU STEP: Oslo.
- Vibe, N., Evensen, M., & Hovdhaugen, E. (2009). *Spørsmål til Skole-Norge våren 2009*. Oslo: NIFU.
- Wendelborg, C., Paulsen, V., Røe, M., Valenta, M., Skaalvik, & Einar. (2012). *Elevundersøkelsen 2012: Analyse av elevundersøkelsen 2012*. Trondheim: NTNU Samfunnsvitenskap.

Vedlegg – Spørjeskjema

DEL I: FELLES SPØRSMÅL

Denne undersøkelsen handler om kunstfagene i skolen. Kunstfagbegrepet kan forstås smalt (skolefagene musikk og kunst og håndverk) eller bredt (alle kunstfagene musikk, visuell kunst, drama, foto, film, dans, og litteratur). Betydningen av kunstfagbegrepet vil framgå i hvert enkelt tilfelle.

f1: Kjønn:

- (1) Mann
- (2) Kvinne

f2: Alder:

- (1) 20 - 29
- (2) 30 - 39
- (3) 40 - 49
- (4) 50 - 59
- (5) Over 60

f3: Hvilken stilling har du?

- (1) Rektor
- (2) Lærer i musikk
- (4) Lærer i kunst og håndverk
- (3) Annet, spesifiser _____

f4: Er du kulturkontakt for Den kulturelle skolesekken?

- (1) Ja
- (2) Nei

f5: Noen kommuner har formulert satsingsområder for grunnskoleopplæringen, skolene kan også selv formulere egne satsinger i strategiske planer osv. Er kunstfagene (i bred forstand) del av satsingsområder på din skole?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikke sikker

f6: Ta stilling til følgende påstander om kunstfagene (forstått som skolefagene musikk og kunst og håndverk):

	1- Helt uenig	2	3	4	5	6- Helt enig	Ikke sikker
Kunstfag er en del av elevers allmenndanning	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag gir arenaer for mestring og selvtuttrykk	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag bidrar til utvikling av kreativitet og skapende evner	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag bidrar til læring i alle fag	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag gir elevene pusterom i hverdagen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag er like viktige som andre fag	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag burde hatt større plass på timeplanen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag er vanskelig å undervise i	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfag tar tid fra andre fag	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Det bør være kompetansekrav for å undervise i kunstfag	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Andre fag tar tid fra kunstfagene	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunstfagopplæringen i skolen bør omfatte alle kunstfag (musikk, kunst og håndverk, drama, dans, foto, film, litteratur)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>

f7: Skoler får jevnlig tilbud om deltakelse i eller samarbeid om kunst og kulturaktiviteter gjennom Hordaland fylkeskommune sitt kunst og kulturformidlingsprogram i skolen (for eksempel Den kulturelle skolesekken, Rikskonsertene, o.l). Ta stilling til følgende påstander:

	1- Helt uenig	2	3	4	5	6- Helt enig	Ikke sikker/ikke relevant
Kunst og kulturformidlingsprogrammet i skolen gir elevene gode kunst og kulturopplevelser	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunst og kulturformidlingsprogrammet i skolen skal bidra til å realisere skolens læringsmål	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>

	1- Helt uenig	2	3	4	5	6- Helt enig	Ikke sikker/ikke relevant
Kunst og kulturformidlingsprogrammet i skolen er uviktig på vår skole	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>
Kunst og kulturformidlingsprogrammet i skolen forstyrrer skolehverdagen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>

f8: Kulturskolen anses av mange som en relevant samarbeidspartner for skolen. Ta stilling til følgende påstander om kulturskolen:

